

Landbruksmelding for Møre og Romsdal

Vedteke i fylkestinget 12.12.12



FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innleiing	5
Samandrag.....	7
Del I: Status og utviklingstrekk	10
Generelt.....	10
Landbruksproduksjonen i Møre og Romsdal i eit globalt perspektiv.....	11
Internasjonale avtaler med konsekvensar for lokalt landbruk	12
Landbruket gir stabil forsyning og tydelege ringverknader	12
Foredling av landbruksprodukt	12
Trender i landbruket i Møre og Romsdal – større utfordringar enn i mange fylke.....	13
Pessimistiske bønder	14
Sterk tilknytning til landbruket.....	14
Kompetanse, utdanning og rekruttering.....	15
Aldersfordeling	15
Utdanning	15
Rekruttering.....	15
Landbruksutdanning.....	16
Likestilling.....	17
Forsking og utvikling.....	18
Økonomi	18
Økonomisk resultat for gardsbruka i fylket - vederlag for arbeid og eigenkapital	19
Investeringar.....	20
Bruken av jordbruksareal	21
Generelt.....	21
Beiting.....	23
Bruksstorleik.....	25
Utviklinga i leigejord.....	25
Jordvern og omdisponering.....	26
Klima og miljø	28
Klimagassutslepp	28
Forureining	28
Biologisk mangfald	29
Husdyrproduksjonane	29
Mjølkeproduksjon	29
Kvotordninga for mjølk og samdrifter – viktig distriktsverkemiddel	33
Storfekjøtt.....	35

Sauer og buskapsstruktur.....	35
Geiter og buskapsstruktur.....	37
Svinehald	39
Fjørfe	40
Hest.....	41
Pelsdyr	42
Planteproduksjon	42
Korn	42
Frukt og bær	42
Poteter og grønnsaker	43
Veksthusnæringa.....	44
Bygdenæringar	44
Skogbruk.....	46
Utviklingstrekk.....	46
Infrastruktur og tømmertransport	49
Industri og foredling.....	50
Eigedomsstruktur	51
Forynging.....	51
Verdiskaping	52
Del II.....	54
Kva er dei viktigaste utfordringane for landbruket i Møre og Romsdal?	54
A. Utvikle mjølkeproduksjonen og auke kjøttproduksjonen på storfe og småfe	54
B. Halde landbruksareala og kulturlandskapet i hevd, auke beitebruken og produsere fôr av god kvalitet.....	55
C. Stimulere produksjonsmiljø og kvalitet, samarbeid og innovasjon	55
D. Rekruttering, kompetanse- og omdømmebygging for landbruksnæringa	56
E. Variert verdiskaping – større utnytting av garden sine ressursar	57
Del III:.....	58
Hovudmål for landbruket i Møre og Romsdal.....	58
Del IV:	59
Mål og tiltak.....	59
1. Vern av produksjonsgrunnlaget	59
2. Beiting.....	60
3. Klima og miljø.....	61
4. Landbruket sitt omdømme.....	62

5.	Rekruttering.....	63
6.	Utdanning og kompetanse	64
6.1	Landbruksutdanning.....	64
6.2	Realkompetanse og rådgiving	65
7.	Forskning og utvikling.....	66
8.	Husdyrproduksjonane	66
8.1	Mjølkeproduksjon	67
8.2	Kjøttproduksjon på storfe	67
8.3	Svinekjøtt.....	69
8.4	Saueproduksjon.....	69
8.5	Geitehald	70
8.6	Eggproduksjon	71
8.7	Fjørfekjøttproduksjon.....	71
8.8	Pelsdyr	71
9.	Planteproduksjonane	71
9.1	Korn	72
9.2	Poteter og grønnsaker, frukt og bær.....	72
10.	Økologisk jordbruk	73
11.	Skogbruk.....	74
12.	Foredlingsindustrien.....	75
13.	Bygdenæringar	76
13.1	Foredling og omsetjing av lokal mat	76
13.2	Inn på tunet	77
13.3	Energiproduksjon frå landbruket	78
13.4	Grønt reiseliv og verdiskaping i utmark	79
	Definisjon av omgrep i meldinga:.....	80
	Forkortingar:.....	80
	Kjelder:	80

Landbruksmelding for Møre og Romsdal

Innleiing

Bakgrunn for meldinga

Landbruksnæringa si fremste oppgåve er å produsere mat og trevirke. Ved sidan av dette forvaltar næringa store fellesverdiar. Eit aktivt landbruk skaper vakre kulturlandskap, levande bygder og allsidig sysselsetjing. Landbruket si multifunksjonelle rolle gjer at framtida til næringa må drøftast i eit vidt samfunnsmessig perspektiv.

Møre og Romsdal er eit stort landbruksfylke, med 10 prosent av ku-, storfe-, geit- og sauehaldet i landet. Møre og Romsdal er det fylket i landet som har størst matproduksjon samla sett frå land og hav.

Likevel står næringa overfor store utfordringar: Strukturendringar, dårleg lønsemd, svak rekruttering og nedlegging av foredlingsanlegg pregar utviklinga. Sidan 1990 har meir enn 3000 gardsbruk lagt ned drifta. Nedgangen er ein gjennomgåande trend for heile landet, men har vore sterkare i Møre og Romsdal enn for landet i gjennomsnittet.

For få tiår sidan var praktisk talt all mat produsert i nærmiljøet, og ressursane gjekk inn i berekraftige kretsløp. I dag blir berre 39 prosent av maten produsert av eigne ressursar og råvarer. 61 prosent av energien i maten er produsert i andre land og verdsdelar. Dette betyr svekka samfunnsberedskap og tryggleik for mat.

Føremål

Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal, heretter kalla *meldinga*, skal vere eit kunnskapsgrunnlag for å setje landbruket på den politiske dagsordenen og vise konsekvensar av ulike vegval. Den skal vidare vere retningsgjevande for utviklinga av landbruket på regionalt nivå og bidra til å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i fylket. Meldinga skal danne grunnlag for prioriteringar i komande regionale planar og handlingsprogram.

Det er viktig å synleggjere Møre og Romsdal som eitt av dei fremste landbruks- og matfylka i landet – og å halde på den stillinga i åra framover. Landbruket er framleis ei stor næring i mange kommunar i fylket. Landbruket skaper store og positive ringverknader økonomisk og kulturelt og er ein føresetnad for busetjing i svært mange bygder.

Meldinga vil også gje fylkeskommunen gode føresetnader for å vere ein tydeleg regional utviklingsaktør. Den skal legge grunnlag for ei endå betre koordinering og bruk av dei regionale verkemidla som fylkeskommunen og fylkesmannen forvaltar i samband med landbruk og landbruksbasert næringsutvikling.

Rammevilkår

Det politiske grunnlaget for norsk landbrukspolitikk ligg i stortingsmeldinga om landbruks- og matpolitikken (Meld. St. 9 2011-12) som vart vedteken våren 2012. Eitt av måla i stortingsmeldinga er å auke matproduksjonen i takt med folketalsauken, dvs ein forventet vekst på 20 prosent innan 2030. Auken skal i største moglege grad skje på grunnlag av landets eigne ressursar.

Meldinga gjev føringar for heile landbruks- og matsektoren – i tillegg til verdikjedene på landbruks- og matområdet. Som følge av den nye stortingsmeldinga er det behov for å utarbeide strategiar på regionalt nivå.

I stortingsmeldinga er det gitt følgjande fire overordna føringar for landbruket:

- Mattryggleik
- Landbruk over heile landet
- Auka verdiskaping
- Berekraftig landbruk

Dei årlege jordbruksavtalane skal setje måla i stortingsmeldinga ut i livet.

Avgrensing

Meldinga skal omfatte landbruksnæringa, både råvareproduksjon og foredling av landbruksprodukt, men også anna næringsverksemd knytt til landbruket. Med landbruk i denne meldinga er det meint jordbruk, hagebruk, skogbruk og verdiskaping knytt til natur og menneskelege ressursar på landbrukseigedommane i fylket. I den delen av meldinga som omhandlar mål og tiltak vert det lagt vekt på verkemiddel innanfor det regionale handlingsrommet. Endringar av lovverk og sentrale føresegner er derfor drøfta i svært liten grad.

Status og involvering

Meldinga har hatt fokus på overordna prinsipp og strategiar og det ferdige arbeidet har status som fagmelding. Arbeidet har vore prega av brei involvering og grundige prosessar. Arbeidet med landbruksmeldinga har vore leia av ei styringsgruppe med medlemmer frå fylkeskommunen, fylkesmannen og næringsorganisasjonane Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget og Allskog. Fylkesmannen har hatt ansvar for prosessar og produksjon i nært samarbeid med fylkeskommunen. I tillegg har fire arbeidsgrupper vore i sving med tema analyse og statistikk, areal og miljø, kompetanse og verdiskaping.

Kopling til andre planprosessar

Meldinga er tett koplå til arbeidet med revidering av gjeldande fylkesplan (ny Regional plan 2013-2016). Arbeidet er samordna med sektor- og temastrategiar som Regionalt miljøprogram, Regional strategi for landbruksrelatert næringsutvikling i Møre og Romsdal, Melding om kystskogbruket, Strategiplan for skogbruket i Møre og Romsdal 2008-2016 og Regional energi- og klimaplan.

Rullering

Det er eit mål at landbruksmeldinga skal rullerast ein gong i løpet av kvar fylkestingsperiode, fortrinnsvis i byrjinga av perioden.

Samandrag

Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal skal vere eit kunnskapsgrunnlag for å setje landbruket på den politiske dagsorden og vise konsekvensar av ulike vegval. Den skal vidare vere retningsgjevande for utviklinga av landbruket på regionalt nivå og bidra til å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i fylket. Meldinga skal danne grunnlag for prioriteringar i komande regionale planar og handlingsprogram.

Status og utviklingstrekk: I kapitlet status og utviklingstrekk for landbruket i Møre og Romsdal er det vist til utviklinga innafor næringa dei siste tiåra, men med særleg vekt på utviklinga sidan 2000. Landbruket har gjennomgått ei omfattande strukturrasjonalisering med sterk nedgang i talet på bruk. Sidan årtusenskiftet er talet på gardsbruk i fylket gått ned med 37 prosent og talet på mjølkeproduksjonsbruk er halvert. Dei ti siste åra har det totale jordbruksarealet gått ned med ca. 50 000 dekar, beite medrekna. Storleiken på gardsbruka har auka frå 40 dekar i snitt rett etter krigen til 180 dekar i 2009. Omfanget av leigejord har auka i heile etterkrigstida og i gjennomsnitt har bonden om lag like mykje eigd som leigd jord. Møre og Romsdal er blant dei fylka der mest dyrka og dyrkbar jord blir omdisponert til andre føremål.

Blant bøndene er det stor variasjon i næringsinntekt frå jordbruket – i hovudsak skuldast dette at bedriftene varierer mykje i storleik. Stadig større delar av totalinntekta kjem frå arbeid utanom bruket og avstanden mellom inntektene frå jordbruket og industriarbeidarløn aukar. Det er stor investeringsvilje blant bønder og etterspurnaden etter offentlege investeringsmidlar har i alle år vore større enn tilgangen. Bondeyrket er dominert av menn – berre 15 prosent av dei som søker produksjonstilskott er kvinner.

Møre og Romsdal er eit sterkt mjølk- og storfefylke, med nesten 10 prosent av landets samla mjølkekvote. Grovfôrbaserte produksjonar står for 91 prosent av omsetninga, 92 prosent av verdiskapinga og 93 prosent av sysselsetjinga i jordbruket i fylket. Totalt utgjer verdiskapinga ca. 728 mill. kroner målt som nettoprodukt (skogbruk er ikkje med her). Mjølkeproduksjonen står for den største delen av verdiskapinga i fylket - ca. 521 mill. kroner. Fræna er den desidert største landbrukskommunen, med ei omsetning på over 70 mill. kroner. Deretter kjem Surnadal, Ørsta, Rauma og Norddal.

Møre og Romsdal har dei sista 50 åra hatt eit stort fokus på oppbygging av skogressursane ved skogplanting og kultivering. Denne skogen kan dei kommande 20 åra gje stor avkastning. Fylket har om lag 284 000 hektar produktiv skogsmark – dette utgjer ca. fire prosent av skogarealet i Noreg. 70 prosent av den produktive skogen er drivverdig. Driftstilhøva er svært vekslende, både når det gjeld klima og topografi. Møre og Romsdal er eit stort treforedlingsfylke.

Utfordringar: I meldinga er det lista opp fem viktige utfordringar for landbruket i Møre og Romsdal:

- Utvikle mjølkeproduksjonen og auke kjøttproduksjonen på storfe og småfe
- Halde landbruksareala og kulturlandskapet i hevd, auke beitebruken og produsere fôr av god kvalitet
- Stimulere produksjonsmiljø og kvalitet, samarbeid og innovasjon
- Rekruttere og bygge kompetanse og omdømme for næringa

- Satse på variert verdiskaping for å nytte ut ein større andel av garden sine ressursar

Hovudmål: Møre og Romsdal skal ha eit berekraftig og synleg landbruk over heile fylket.

Dette inneber:

- Å auke mat-, trevirke-, energi- og tenesteproduksjon minst i takt med etterspurnaden. Auken skal i størst mogleg grad vere basert på lokale ressursar
- Beredskap gjennom trygg produksjon av landbruksvarer
- Rammevilkår som sikrar inntekt og rekruttering
- Eit mangfald av produksjonar og bruksstrukturar
- Å sikre produksjonsgrunnlaget, både areal og menneskelege ressursar
- Å styrke produksjonsmiljø og klynger

Mål og tiltak: I meldinga er det formulert 13 delmål med tilhøyrande tiltak:

- Ta vare på jordbruket sitt produksjonsareal og kulturlandskap
- Beitebruken i Møre og Romsdal skal aukast, målt i tal dyr og areal
- Møre og Romsdal skal arbeide for å nå nasjonale mål om klimagassreduksjonar og tap av næringsstoff frå landbruket
- Landbruket i Møre og Romsdal er vudert som ei viktig næring i fylket
- Auke rekrutteringa av både kvinner og menn til landbruket. Eigarskifte bør sikre vidare drift
- Sikre grunn- og vidareutdanning i landbruket gjennom skreddarsydde og fleksible utdanningstilbod. Tilby allsidig kompetanseutvikling som dekkjer alle sider ved landbruksdrifta
- Styrke samarbeid mellom landbruksnæring og forskning
- Mjølkeproduksjonen, kjøttproduksjonen på storfe, svinekjøttproduksjonen og produksjonen av saue og lammekjøtt skal auke med 20 prosent fram mot 2030. Produksjonen skal vere økonomisk og miljømessig berekraftig og vere basert på mest mogleg bruk av lokale ressursar. Geitehaldet skal utvikle seg i takt med etterspørsel og salsmulegheiter for geitmjølkbaserte produkt. Pelsdyrfarmer skal ha høve til å fornye seg og utvikle produksjonen innafor rammene av nasjonalt regelverk.
- Auke kornproduksjonen med 20 prosent annan 2030. Oppretthalde eller auke den relative andelen av marknaden og sikre konkurransekrafta og dermed rekrutteringa i grøntsektoren
- For sau og ammeku skal minst 10 prosent av produksjonen i Møre og Romsdal vere godkjent som økologisk innan 2020. For andre produksjonar skal minst 5 prosent av arealet og minst 5 prosent av det grovfôrbaserte husdyrhaldet vere økologisk. På lengre sikt – fram mot 2030 – skal lokal produksjon halde tritt med etterspørselen nasjonalt
- Leggje til rette for auka verdiskaping frå skog og skogbaserte næringar. Skogsektoren skal bidra til å løyse viktige samfunnsoppgåver innafor biomangfald, klima, fornybar energi og når det gjeld å dekke menneska sine behov for opplevingar i skog.
- Sikre tidsmessige foredlingsanlegg for mjølk rundt om i fylket og oppretthalde kraftfôrfabrikane med kornmottak

- Auke mangfaldet og volumet av lokal matspesialitetar. Inn på tunet-tilbod skal fram til 2020 når eit volum på minst 100 årsverk i Møre og Romsdal. Minst 150 GWh av energiomlegging (oppvarming av bygg) frå elektrisitet til fornybar energi skal komme trefiber. Verdiskapinga frå og i utmarka skal aukast

Del I: Status og utviklingstrekk


Generelt

Landbruket har gjennomgått ei omfattande strukturrasjonalisering etter siste verdenskrigen. I løpet av den siste 30-årsperioden er to tredel av gardsbruka lagde ned som eiga driftseining i Møre og Romsdal – og berre eitt av fire mjølkebruk er att. Berre sidan år 2000 har tal gardsbruk i drift i fylket gått ned med 37 prosent (i landet 31 prosent), og talet på bruk med mjølkeproduksjon er halvert. På same tid er mykje av vareproduksjonen oppretthalden. Sjølv om den beste dyrkajorda på dei nedlagde gardsbruka er tatt i bruk som leigejord av dei bruka som er att i næringa, har 8 prosent av jordbruksarealet i fylket har gått ut av drift sidan 1999.

	1949	1959	1969	1979	1989	1999	2011
Gardsbruk i drift, Møre og Romsdal	15.943	15.432	13.051	9.995	7.402	5.018	2.920
Jordbruksareal i drift, dekar	405.290	609.000	590.000	566.007	592.312	611.017	558.948

Figur 1: Utvikling i tal gardsbruk og jordbruksareal i drift. Kjelde: Jordbruksteljingane, SSB.


Møre og Romsdal er eit grasfylke. Grovfôrbaserte husdyrproduksjonar står for 91 prosent av omsetninga, 92 prosent av verdiskapinga og 93 prosent av sysselsetjinga i jordbruket i Møre og Romsdal. Totalt utgjør verdiskapinga ca 728 mill. kroner målt som nettoprodukt frå jordbruk og hagebruk (skogbruk er ikkje med her).



Figur 2: Verdiskaping i jordbruk og hagebruk i millionar kroner, fordelt på kommune (NILF 2012)

I tillegg til dei store grovfôrbaserte produksjonane, har fylket fleire sterke fagmiljø og spesialproduksjonar:

- **Stranda** er den største geitekommunen i Sør-Noreg, og er også stor på foredling av råvarer, med t.d. både slakteri, kjøttforedling og pizzaproduksjon
- **Norddal** kommune produserer 50 prosent av industri-jordbæra i landet
- **Fræna** er den største landbrukskommunen mellom Stavanger og Trondheim, og er mellom dei ti største mjølkekommunane i landet. I Fræna produserer Tine Jarlsbergosten som er det mest kjende norske varemerket i USA
- I **Smøla** kommune finn vi spesialproduksjon på Smølagulrot, som er eit kjent varemerke
- I **Sunddal** kommune er spesialiteten dyrking og pakking av varemerket Sundalspotet



Figur 3. Verdiskapinga etter driftsform, som andel av total verdiskaping i jordbruket i Møre og Romsdal. Førebelse tal for 2010. NILF.

Møre og Romsdal fylke dekkjer eit totalareal på 14,6 mill dekar. Av dette er ca 2,84 mill dekar definert som produktiv skogsmark. I underkant av 70 prosent av den produktive skogen i fylket er økonomisk drivbar med dagens rammevilkår. Verdiskaping i skogbruket er berekna til ca 90 millionar kroner. Tek vi med foredling av trevirke, kan ein multiplisere dette talet fleire gonger.

Bygdenæringar som til dømes matforedling og Inn på tunet-tenester er i framgang og det blir jobba aktivt med rekruttering og nettverksbygging innafør desse områda. Kornproduksjonen i fylket er i hovudsak konsentrert om kommunane Surnadal og Fræna.

Landbruksproduksjonen i Møre og Romsdal i eit globalt perspektiv

FN sin matvareorganisasjon, FAO, meiner matproduksjonen i verda må doblast frå år 2000 til 2050. Aukande folketal, matmangel, vassmangel, endringar i klimaet, auka bruk av biodrivstoff og aukande prisar på jordbruksareal i verda betyr at mat og trevirke vil få eit stadig sterkare politisk og økonomisk fokus.

Møre og Romsdal er eit fylke med stort potensiale når det gjeld produksjon av mat og trevirke. Landbruksnæringa lokalt kan vere ein del av løysinga på dei store utfordringane for verdssamfunnet, med produksjon av trygg mat og fornybar energi frå eit godt miljø. Fylket ligg i den tempererte sonen av verda, noko som er gunstig i forhold til sjukdomar på folk og dyr. Tilstrekkjeleg nedbør i vekstsesongen gjer at vi unngår kunstig vatning, og dermed negative verknader på grunnvatn og forsøling av jorda.

Landbruket i vestlandfylka er av stor verdi for den nasjonale og internasjonale identiteten vår. Landbruket gir spreidd busetnad, næringsverksemd og naturforvaltning. Næringa skal kombinere matproduksjon med å føre vidare kulturarv i mattradisjonar og i kulturlandskapet. Fylket har sterkt veksende skogsressursar og har etablert vernskog som er viktig for lokalklimaet opp mot fjellet og ut mot havet.

Internasjonale avtaler med konsekvensar for lokalt landbruk

Importen av matvarer er regulert gjennom internasjonale avtalar. Norsk landbruk møter større utanlandsk konkurranse på m.a. mjølkeprodukt, frukt og bær. Matprisane internasjonalt har dei siste fem åra svinga kraftig slik at det i periodar har vore mindre behov for tollvern på nokre produkt. Det er ei vanleg oppfatning at den norske modellen bidrar til stabile prisar og sikre leveransar for norske forbrukarar.

WTO-avtalane bestemmer kva verkemiddel som kan brukast for å regulere importen av mat og type støtte til matproduksjonen. Noreg har einssidig fjerna toll på import av alle varer – mat medrekna – frå dei aller fattigaste landa. Ein stor del av matimporten er utan toll.

I forhandlingane om ny WTO-avtale har Norge akseptert at subsidiering av eksport blir fjerna over ein periode på ti år. Dette betyr i praksis at eksporten av mjølkebaserte produkt vil gå sterkt ned. I dag går 10 prosent av norsk mjølk – tilsvarande produksjonen i vårt fylke – til produksjon av ost som blir eksportert. Jarlebergosten som blir laga av Tine i Elnesvågen er det viktigaste enkeltproduktet.

Landbruket gir stabil forsyning og tydelege ringverknader

Jordbruksavtalen er ein samfunnskontrakt mellom næring og stat, og skal bidra til ei levedyktig næring og sikker forsyning av norske matvarer til stabile prisar. Avtalen omfattar også distriktsverkemiddel, sosiale ordningar og investeringskapital.

Næringa står for meir enn ein tidel av sysselsettinga i 7 av 36 kommunar i Møre og Romsdal. I 20 av kommunane våre utgjer bøndene samla sett ei stor bedrift på mellom 100 og 350 arbeidsplassar (2007-tal). Det er vanleg å rekne at eitt årsverk i landbruket sysselset ein til to personar i andre næringar som transport, foredlingsindustri, bygg, verkstad, rettleiing og handel.

Foredling av landbruksprodukt

Landbruket er ei av dei få næringane i landet som har ei komplett næringskjede frå primærleddet og fram til forbrukar. Sentraliseringa av makta i daglegvarehandelen i 3 - 4 store kjeder og internasjonal

konkurransen har medført tilsvarende samling av landbruket sin foredlingsindustri i større einingar. Strukturendringane har ført til at Møre og Romsdal er svekka når det gjeld foredlingsanlegg.

Samvirkeorganisasjonen Nortura har ikkje anlegg att i Møre og Romsdal, og i dag blir storparten av slaktedyra sende ut av fylket for slakting, foredling og omsetjing ved Nortura sine anlegg i Sogn og Fjordane og Trøndelag. I Møre og Romsdal blir det i dag drive slakteri av private aktørar som Ringdal AS på Hellesylt, Ytre Nordmøre Slakteri AS i Kristiansund, i tillegg til fleire mindre verksemder.

Av større kjøtforedlingsverksemder kan nemnast Kløverkjøtt AS i Vestnes og Grilstad AS i Stranda. Stabburet sin fabrikk på Stranda nyttar også store mengder kjøtt og ost i pizza-produksjonen sin.

Samvirkeorganisasjonen Tine har i dag fire meierianlegg i drift i Møre og Romsdal, der meieriet i Elnesvågen er det største anlegget. Dette anlegget tek mot 74 mill. liter mjølk i året, meieriet i Ørsta tek i mot knapt 26 mill. liter kumjølk, og i tillegg 2,7 mill. liter geitmjølk. I Ålesund tek meieriet i mot 18,6 mill. liter mjølk i året og Tine Meieriet Tresfjord tek mot 6 mill. liter i året. Dei siste åra er det etablert fleire mindre private gardsmeieri med produksjon av eigne ostar.

Kornmottak og kraftfôrfabrikkar på Vestnes og i Surnadal er viktige for alle som dyrkar korn til modning og alle som nyttar kraftfôr i fylket. Årsforbruket (2011) av kraftfôr i fylket er 98 900 tonn.

Felleskjøpa sin Kornsilø og kraftfôrfabrikk på Vestnes har djupvasskai og lagerkapasitet til i alt 39 500 tonn korn. Anlegget tek årleg imot rundt 3000 tonn lokal produsert korn. Anlegget kan vere aktuelt som beredskapslager for korn. Produksjonen av kraftfôr i 2011 var på 58 150 tonn.

Røv Mølle AS i Surnadal tek mot rundt 3 000 tonn korn frå Nordmøre og har kraftfôrfabrikk med produksjon på 17 000 tonn.

Trender i landbruket i Møre og Romsdal – større utfordringar enn i mange fylke

«Trender i norsk landbruk» er ei større postal undersøking med føremål å kartlegge situasjonen i det norske landbruket og hos landbruksbefolkninga. Undersøkinga er blitt gjennomført annakvart år sidan 2002 av Norsk senter for bygdeforskning i Trondheim. For Møre og Romsdal er det gjennomført undersøkingar i 2008 og 2012.

Undersøkinga har tre perspektiv :

- Sosiokulturelle sider ved landbruket, blant anna venne- og nabokontakt, yrkesidentitet og kor tilfreds ein er med arbeidsmiljøet
- Notid og framtid – kva tenkjer bøndene om framtida?
- Subjektiv innfallsvinkel – det er bøndene sine eigne meininger og erfaringar som er det sentrale

I Trendundersøkinga for 2012 for Møre og Romsdal kjem det fram mange resultat om dagens bønder i fylket: Kva er status i dag? Korleis vurderer bønder sin eigen situasjon i samfunnet? Korleis ser bøndene på framtida for gardsbruket sitt?

Pessimistiske bønder

Eitt av hovudfunna i Trendundersøkinga er at mange bønder er pessimistiske med tanke på framtida. Berre 23 prosent av dei spurde trur at det økonomiske resultatet vil endre seg i positiv retning dei neste fem åra. I 2008 var det 30 prosent som meinte det same. 33 prosent meiner at det økonomiske resultatet vil endre seg i negativ retning, mot 29 prosent i 2008. Ein firedel ser for seg at dei vil legge ned drifta i løpet av dei neste fem åra, men ønskjer å bli buande på garden. Talet på landsbasis er 14 prosent. Dei som er optimistiske med tanke på framtidig inntekt, har også planer om auka arbeidsinnsats og produksjon på bruket.

Samanliknar vi resultatata frå Møre og Romsdal med svara frå landet sett under eitt, så er det ein lågare andel i Møre og Romsdal som har planar om å investere i driftsbygningar og å ruste opp maskin- og reiskapsparken enn i samanlikningsgruppene.

Under halvparten – 46 prosent – av brukarane i Møre og Romsdal vil rå borna til å ta over bruket. På landsbasis er dette talet 60 prosent. Heile 23 prosent vil ikkje rå til at nokon av borna tek over bruket – i landet sett under eitt ligg dette talet på 14 prosent.

Det generelle utdanningsnivået blant bønder i Møre og Romsdal ligg på nivå med det nasjonale, men det er ein litt lågare andel i Møre og Romsdal som har landbruksfagleg utdanning.

Bønder med landbruksfagleg utdanning har i større grad planar om produksjonsauke og auka arbeidsinnsats på bruket enn dei som ikkje har landbruksfagleg utdanning. Dette kan henge saman med at det er brukarane på dei største bruka som har landbruksfagleg utdanning, og at det er der utviklingspotensialet er størst.

Sterk tilknytning til landbruket

Trendundersøkinga 2012 viser ei jamt over sterk tilknytning til garden og bygda. 73 prosent av dei spurde er vakse opp på gardsbruket dei bur på. Når det gjeld interesse for eit liv på bygda, seier 87 prosent at dette har stor eller noko betydning for dei. Dersom dei spurde kunne ha valt fritt utan å ta økonomiske omsyn, svarar 60 prosent at dei hadde valt gardsdrift på heiltid. På den andre sida svarar 66 prosent at dei kjenner det som ei plikt å drive garden vidare, og 38 prosent kjenner seg svært lågt verdsatt av storsamfunnet.


I Trendundersøkinga er dei spurde bedne om å tenkje på kva utviklingstrekk dei ser for seg som sannsynlege dei neste fem åra. 34 prosent meiner at produksjonen vil auke, medan 25 prosent ser for seg ein produksjonsnedgang.

På spørsmål om nokon i familien kjem til å ta over garden, svarar 52 prosent at dei trur at nokon av borna vil ta over, 34 prosent svarar at dei ikkje veit det og 14 prosent at dei ikkje trur at det er nokon i slekta som vil overta. Dei som svarte har mindre tru på at jentene vil ta over enn gutane.

Kompetanse, utdanning og rekruttering

Aldersfordeling

Gjennomsnittsalderen for brukarane i Møre og Romsdal er 51 år (Trendundersøkinga). Om lag 20 prosent av brukarane er over 62 år. Andelen brukarar over 60 år har auka dei siste 10 åra, medan andelen i aldersgruppa 30-39 år har minka.



Figur 4: Aldersfordeling hos gardbrukarar i Møre og Romsdal (kjelde: Produksjonstilskott, SLF)

Utdanning

Over tid har andel brukarar og ektefeller/sambuarar med landbruksutdanning auka. Auken må sjåast i samanheng med endringa frå mindre til større jordbruksbedrifter der det vert kravd meir fagleg kompetanse (SSB).

I Trendundersøkinga for Møre og Romsdal i 2012 oppgir 63 prosent at dei har fullført vidaregåande skule, 54 prosent har yrkesfagleg utdanning og 41 prosent av dei spurde har fullført landbruksfagleg utdanning på vidaregåande eller høgskulenivå. Dette er om lag same tal som i Trendundersøkinga for 2008.

Rekruttering

Avgangen frå landbruket skjer særleg i samband med generasjonsskifte. Ein stor del av dei beste gardsbruka vi har, investerte sterkt på sytti- og åttitalet. Brukarane nærmar seg no slutten av yrkeslivet, og det ligg an til mange eigarskifte i løpet av dei næraste 5 – 10 åra.

På mange av desse bruka er forholda rundt generasjonsskifte og drift høgst usikkert. Den neste generasjonen er typisk midt i sine karrierer, ofte fjernt frå landbruket. Ungdom som veks opp på gardsbruk i dag har same utdannings- og karrieremoglegheiter som alle andre, og når desse vel andre yrkesløp får dette direkte konsekvensar for rekrutteringa til landbruket. Det finst mange dyktige og engasjerte unge menneske som vil inn i landbruket, men den framtidige bonden er ikkje nødvendigvis oppvaksen på garden eller i lokalmiljøet elles. Det er utfordrande for desse å finne vegen inn i landbruket i dag.

Rekruttering til landbruksnæringa, både til landbruksutdanning og bondeyrket, heng nøye saman med omdømmet til landbruksnæringa og vilkåra for dei landbruksbaserte næringane. Dersom lønsemda og velferdsordningane ikkje er gode nok, vil andre kvalitetar ved yrket ofte kome i bakgrunnen. Dette er sentralpolitiske tema som også må vektleggast lokalt. Mange stader i Møre og Romsdal er det lett å finne seg godt betalt arbeid og der landbruket ikkje kan konkurrere om løns- og arbeidsforhold.

For å nå målsettinga om auka landbruksproduksjon i den neste 20-årsperioden, er det avgjerande å ha stort og breitt fokus på rekruttering.

Det viktigaste rekrutteringskriteriet er i følge Trendundersøkinga at ungdommen vil ha betre betalt arbeid enn det gardsdrift kan gje. Dagens samla rammevilkår med låg forventa inntekt, begrensa investeringsmidlar, svake sosiale ordningar og kostnadsdrivande regelverk for dei som driv næring, er ikkje konkurransedyktige. I dag er det også meir lønsamt å selje garden til andre føremål enn å omsetje gardsbruk i drift.

Landbruksutdanning

Møre og Romsdal fylkeskommune har i regionreforma fått ansvar for oppgåver innan rekruttering, kompetanseheving og likestilling i landbruket. Fylkeskommunen er tildelt jordbruksavtalemidlar frå Landbruks- og matdepartementet.

Gjermundnes vidaregåande skule er den einaste vidaregåande skulen i fylket som tilbyr utdanning innan jordbruk, skogbruk, gartnarfag og andre grønne næringar. I takt med tilbakegangen i landbruksnæringa generelt, har også Gjermundnes vidaregåande skule over tid endra karakter frå å vere ein rein landbruksskule til å bli ein vidaregåande skule med fleire tilbod, deriblant landbruksfag; ein såkalla naturbruksskule. Møre og Romsdal Fylkeskommune har dei siste åra investert mykje i opprusting av undervisningsbygg og kjøken ved Gjermundnes VGS. I tillegg blir det no bygd ny ridehall, og det er også ønskeleg med eit moderne mjølkeproduksjonsfjøs.

Det er relativt stabile søkartal til naturbruksskulane, men rekrutteringa til agronom- og gartnarutdanninga går nedover, som vi ser av tabellen nedanfor. Søkjartala til mellom anna hestefag og studiespesialisering aukar.

Uteksaminert år	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Vg1 Naturbruk	30	25	40	27	34	31	29	39
Vg2 landbruk og gartneri	5	8	10	9	14	15	31	22
Vg2 Hest og hovslager	15	19	16	20	21	12	Saman med VG2	landbruk
Vg2 Anleggsgartner	9	7	0	6	Ikkje tilbod			
Vg3 landbruk agronom	5	8	6	8	10	11	4	10
Vg3 Naturforv. studiekompetanse	6	11	14	7	7	6	8	14
Vg3 påbygging til	30	13	14	21	11	13	10	15

studiekompetanse								
Sum elevar	127	126	121	112	117	114	99	126

Figur 5: Elevar ved ulike linjer ved Gjermundnes vidaregåande skule i perioden 2006-2013.


Landbruksnæringane er i dag ikkje sikra tilgang til kvalifisert arbeidskraft. Rådgivingsorganisasjonane har vanskar med å rekruttere personar med høgare landbruksutdanning, særleg innan jord- og plantekultur.

Mange går inn i landbruket i godt vaksen alder, ofte utan grunnkompetanse som basis for å ta gode avgjerder om drift og økonomi. Dette gir eit behov for etter- og vidareutdanning innan landbruksfaga. Naturbruksskulane opplever auka etterspørsel etter skreddarsydde tilbod for brukarar i vaksen alder, og som kan gjennomførast ut frå dei krav og forventningar som den enkelte står ovanfor i eiga bedrift. Fleire naturbruksskular tilbyr komprimert agronom- og/eller gartnarutdanning tilrettelagt for vaksne i ulike former, som heiltidsutdanning på dagtid, nettbasert utdanning, kveldsundervisning og helgesamlingar. Det kan også vere behov for kortare «lynkurs» eller oppstartskurs for dei som treng ei generell innføring ved overtaking av gardsbruk i vaksen alder.

Likestilling

Tal kvinnelege brukarar i fylket har gått opp frå 8,6 prosent i 1989 til 15,3 prosent i 2011. Det er fleire kvinnelege brukarar på dei mindre gardane enn på dei store. I samband med eigedomsoverdragingar av gardsbruk i fylket var det i 2010 om lag 40 prosent kvinner som tok over garden. Dette talet har vore stabilt over tid, og er på same nivå som i resten av landet.

Ei gransking som Bioforsk gjorde i 2012 på oppdrag av Møre og Romsdal bondelag, viser fleire av faktorane som gjer at kvinner vel å bli bonde eller vel eit anna yrke. Dei spurde meiner at den største utfordringa for norsk landbruk er dårleg økonomi. Er økonomien god, har ein større høve til å leige hjelp til ulikt arbeid og har større fridom i forhold til ferie og fritid. Gravitet og fødsel er også ei praktisk og økonomisk utfordring for ein kvinneleg bonde. Ingen av dei spurde i undersøkinga kjenner seg diskriminerte som kvinneleg bonde.



Figur 6: Kjønn- og aldersfordeling, enkeltpersonsføretak i landbruket i Møre og Romsdal 2010.
Kjelde: Produksjonstilskott, SLF.

Forskning og utvikling


Landbruket er ei kompetanseintensiv næring. Næringa er kompleks og samansett, og med viktige faglege utfordringar over heile verdikjeda.

Landbruksproduksjon er i stor grad geografisk relatert, og i mange samanhengar må FoU-arbeid relaterast til lokale eller regionale forhold. Den evna landbruket har til å initiere relevant forskning, og implementere ny kunnskap i produksjonen vil vere ein viktig suksessfaktor. Dette kallar på samspel mellom næring, rådgjevingsteneste, forvaltning og forskning og utvikling (FoU).

Tradisjonelt sett har intensive planteproduksjonsmiljø vore dei mest aktive brukarane av FoU-miljøa, men behova er like store på sentrale tema som fôr og fôrkvalitet, husdyrnæring og husdyrhelse, økonomi, produktutvikling og teknologi.

Økonomi

Blant bøndene er det stor variasjon i næringsinntekt frå jordbruket. I hovudsak skuldast dette at jordbruksbedriftene varierer mykje i storleik. Her inngår alt frå hobbyprega verksemd til bedrifter med millionomsetning.



Figur 7: Verdiskaping frå jordbruket (nettoprodukt), millionar kroner. Førebelse tal for 2010. Kjelde: NILF.

Økonomisk resultat for gardsbruka i fylket - vederlag for arbeid og eigenkapital

Driftsgranskningane utført av Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) viser økonomiske resultat for 48 bruk med ulike husdyrproduksjonar i Møre og Romsdal i perioden 2006 til 2010. Storleiken på bruka tilsvarar landsgjennomsnittet, og det er moderate investeringar i perioden.

Resultata viser følgjande:

- Mjølkekvoten har auka frå 93 000 til 122 000 liter i perioden
- Vederlag til arbeid og eigenkapital pr årsverk har gått opp frå kr 168 000 til kr 244 000
- Lønsevna pr time har gått opp frå kr 72 til kr 111
- Bruka er typiske med i snitt 17,4 årskyr, mjølkekvote på 122 000 liter, alder på brukar 50 år
- Driftsoverskotet frå skog og tilleggsnæringar er inkludert med rundt kr 70 000
- Produksjonsinntektene har gått opp frå kr 971 000 til kr 1 309 000
- Kostnadene i alt har auka frå kr 718 000 til kr 956 000
- Gjelda har auka frå 1,7 til 2,1 mill kr

Statistikken viser at bøndene hentar ein stadig større del av totalinntekta si utanfor bruket. Frå 2002 til 2010 auka inntektene utanfor bruket frå 125 000 kroner til 195 000 kroner (SSB).



Figur 8: Utvikling av inntekta i jordbruk og industri 1997-2010. (*Skattekorrigert vederlag: Tal frå 2007 då inntektsfrådrag vart innført). Kjelde: SSB.

Investeringar

Investeringsbehovet er stort for å rasjonalisere produksjonen og møte stadig nye offentlege krav. Det har i alle år vore større etterspurnad etter offentlege investeringsmidlar enn tilgjengelege rammer til tradisjonelt landbruk i fylket. For at flest mogleg skal kunne byggje ut, har tildelingane pr bruk gjerne vore lågare enn dei øvre taka som er bestemt sentralt. I følge Trendundersøkinga svarar 24 prosent at det er svært sannsynleg eller ganske sannsynleg at det vert gjort større investeringar i driftsbygningar på garden dei neste fem åra.

Ser vi på tildelinga av investeringsmidlar gjennom Innovasjon Norge dei seinare åra, ser vi at dei er fordelt over heile fylket og på ulike produksjonar. Storparten har gått til kufjøs på einskildføretak og ein del samdrifter, men det er også gjeve løyvingar til storfekjøtt, sau, geit, høner og gris. Der er nokre løyvingar til frukt, bær og grønsaker, reiseliv og bioenergi, og ganske mange tiltak under Inn på tunet og verdiskaping på mat, både til gardsbruk og fellestiltak i marknaden.

Fylkesmannen utarbeider Næringsstrategien for investeringsmidlane i samråd med Innovasjon Norge, Møre og Romsdal fylke og fagлага. Investeringsmidlane frå jordbruksavtala blir forvalta av Innovasjon Norge.

Bruken av jordbruksareal

Generelt

I 2009 utgjorde jordbruksarealet i drift på landsbasis 10,15 millionar dekar. Av dette utgjorde fulldyrka eng 4,8 millionar dekar både i 1959 og 2009. Nærare 90 prosent av jordbruksarealet i Noreg vert brukt til produksjon av fôr til husdyr. Eng til slått og beite i tillegg til innmarksbeite utgjorde 65 prosent av jordbruksarealet i drift i 2009 (SSB).


Litt under 4 prosent av landarealet i Møre og Romsdal er jordbruksareal (SSB). Bøndene i Møre og Romsdal disponerte eit areal på knappe 560 000 dekar ved årsskiftet 2011-2012. 456 000 dekar (5,5 prosent av landet) er fulldyrka areal. Av dette åtte dei 292 000 dekar sjølv. Tala viser ein nedgang i jordbruksareal på om lag 50 000 dekar på ti år (SLF).

Den største avgangen av jordbruksareal skjer ved at areal i drift vert teke ut av bruk og ikkje vert vedlikehalde. Årsaker til dette kan vere at arealet er dårlig arrondert, ligg avsides til, gir dårleg avling på grunn av dårleg jordsmonn eller at jorda er vassjuk. Eit anna eksempel er beiteareal som går ut av bruk når bøndene sluttar med husdyr eller reduserer dyretalet. Kor raskt overgangen frå jordbruksareal til anna areal går, er avhengig av naturgjevne forhold som jordtype og klima. I område med godt jordsmonn og klima vil attgroing med kratt og skog starte raskt. I praksis er desse områda tapte som produksjonsareal. Det eksisterer ikkje landsdekkande statistikk over attgroing av jordbruksareal. For å følgje blant anna denne utviklinga gjennomfører Norsk institutt for skog og landskap eit program for tilstandsovervåking og resultatkontroll i kulturlandskapet i jordbruket (3Q-programmet)(SSB).


I tillegg går jord ut av drift på grunn av omdisponering og nedbygging.

Det skjer også ei viss nydyrking i landbruket, sjølv om denne på langt nær kan kompensere for den jorda som går ut av bruk. Nedanfor ser vi ei oversikt over kor mange dekar som det er gjeve løyve til å nydyrke kvart år i perioden 2001 til 2011. Det er ikkje registrert kor mykje av denne jorda som faktisk er oppdyrka.

2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
286	427	556	492	382	1357	353	825	1009	2093	928



Figur 9: Utviklinga i tal dekar dyrkajord i perioden 2000-2012. Knekken i kurva i 2001 skuldast omlegging av tilskottssystemet (omsetningskrav). Kjelde: Produksjonstilskott i jordbruket.



Figur 10: Prosentvis fordelig av gardsbruk etter tal jordstykke per eining. Kjelde: SSB.

Møre og Romsdal er av dei fylka som har mest oppdelte driftseiningar. Topografien gjer at mange gardsbruk er naturleg oppdelte i fleire jordstykke, og den store andelen av leigejord som i dag vert drive av enkelte få gardsbruk gjer at driftseiningane i dag består av eit stort antal jordstykke, ofte med store avstandar mellom jord og driftssenter.

Beiting

I Meld. St. 9 (2011–2012) er det sett eit mål om å auke utnyttinga av utmarksbeiteressursane. I meldinga er det nemnd minst tre grunnar for å stimulere til meir beiting:

- Beitebruk er ein økologisk og økonomisk berekraftig måte å bruke norske arealressursar til å produsere mat
- Beitebruk er viktig for å nå mål om pleie av kulturlandskap og å ta vare på biologisk mangfald
- Beitebruk er ein kulturberar i norsk landbruk, gjennom lange tradisjonar for beiting i utmark og setring

Beiting er støtta gjennom fleire ordningar over jordbruksavtalen, men ein rapport frå Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF), viser at omfanget av beiting er påverka av mange andre forhold enn beiteordningane. Den generelle lønsemda i dei aktuelle produksjonane har truleg ein del å seie for det totale dyretalet og dermed også på areal- og beitebruk.

Bruken av utmarksbeite har gått ned dei siste åra, medan bruken av innmarksbeite viser ein liten auke. Årsakene til nedgangen i bruken av utmarksbeite er fleire:

- Nedgang i dyretal
- Meir ledig innmark, sjukeproblematikk og problem med rovvilt
- Dårlige gjerde og uklare ansvarstilhøve om gjerdeplikt

I oversikta nedanfor ser vi at det er berre talet på hestar på utmarksbeite som aukar. For alle dei andre dyreslaga har beiting i utmark gått ned det siste tiåret.

Tal dyr på utmarksbeite	Tal kyr	Tal andre storfe	Tal vaksne sauer	Tal lam	Tal geiter	Tal hestar
2003	5986	12387	51351	76251	8025	625
2004	6034	12844	50485	74892	7929	632
2005	6268	13437	50710	75509	8159	861
2006	6045	13124	49008	72308	7507	2965
2007	5867	12802	47878	70399	7331	3333
2008	5870	12516	47245	67121	7497	3505
2009	5872	11948	47518	68511	7043	3719
2010	6101	11739	48196	68184	7420	3690
2011	5851	11480	47473	67845	6850	3816

Figur 11: Tal dyr på utmarksbeite, landet. (Kjelde: Produksjonstilskot i jordbruket, SLF).


I Møre og Romsdal, som i resten av landet, er det sau og lam som er det beitedyret i utmark som har størst omfang. Frå 1995 til 2011 har antalet sau og lam på utmarksbeite gått ned med ca. 20 000 dyr. I underkant av 60 000 dyr vert sleppt i utmarka.

Ulike typar beitedyr utfyller kvarandre, dei utnyttar beiteressursane på ulike måtar, og dei pleier landskapet ulikt. Det er difor ynskjeleg med beiting av fleire dyreslag i utmarka, både i skog- og på fjellbeite.

Samanliknar vi oss med dei andre vestlandsfylka ser vi at Møre og Romsdal har meir fulldyrka jord, men vesentleg mindre overflatedyrka jord og beite. Dette er gjerne bygdenære område i fjord- og fjellsidene som samstundes er viktige element i kulturlandskapet.

Målet om meir bruk av beite generelt og utmarksbeite spesielt kan ein oppnå på to måtar, anten ved å ha fleire dyr på beite eller å auke beitetida med det eksisterande dyretalet. Konflikhtar rundt beiterett og gjerdehald kan vere problematiske i forhold til å auke beitinga. Det er ikkje eit eintydig regelverk når det gjeld beiterettar, og det er heller ikkje alltid klart kven som skal betale for å sette opp gjerde, og kor det kan setjast opp. Slike konflikhtar kjem ofte opp i Jordskifteretten når det ikkje er mogeleg å finne gode løysingar på anna vis.

Med heimel i blant anna dyrevernlova er det gitt forskrifter om hald av dei einskilde husdyrslaga. Forskriftene om hald av storfe krev at storfe skal vere på beite eller sikrast mosjon på annan måte i minst 8 veker. For sau og geit er kravet 16 veker. Frå og med 2013 vert fritaket frå «mosjonskravet» for storfe i lausdrift oppheva. Det er vanskelegare å få til beiting med mjølkekyr i store enn i små besetningar. Ein del produsentar med lausdrift vil dermed få problem med å oppfylle mosjonskravet for kyr ved beiting.



Figur 12: Utvikling i bruksstorleik, jordbruksareal, i Møre og Romsdal. Kjelde: SSB.


Bruksstorleik

Gjennomsnittlig jordbruksareal inkl. beite per jordbruksbedrift har auka frå 50 dekar i 1959 til 212 dekar i 2009 (SSB). For Møre og Romsdal har arealet auka frå 37,3 dekar til 181,0 dekar i tilsvarande periode.


Utviklinga i leigejord

Dyrkajorda er grunnlaget for jordbruket – både før og no. Frå naturen si side har fylket få område med store samanhengande jordbruksareal. Næringsgrunnlaget har historisk gjerne vore basert på kombinasjonar mellom fiske og jordbruk eller skogbruk og jordbruk. For å gi plass til fleire, vart mange bruk delt mellom søskena, og som konsekvens av dette har vi mange relativt små jordbrukseigedomar. Dei som satsar på mjølkeproduksjon har behov for store areal, og driftsstrukturen samsvarar dårleg med eigedomsstrukturen.

Omfanget av leigejord har auka i heile etterkrigstida. Det er store skilnader mellom fylka når det gjeld kor mykje av jordbruksarealet i drift som er leigejord. Møre og Romsdal er av fylka som har den største delen leigejord – nesten 50 prosent. Frå 1999 til 2008 har arealet av leigejord auka med 28 prosent. På mange gardsbruk er det i dag meir leigd jord enn eigd jord.



Figur 13: Leigd areal i prosent av totalarealet – fordelt på kommunar. Kjelde: SLF.



Figur 14: Areal som bøndene disponerer: Sum areal, eigd og leigd. Kjelde: Produksjonstilskott, SFT.

Undersøkingar gjort av Skog og landskap viser at eigd og leigd jord blir skjøtta ulikt:


- Leigd jord vert dårlegare vedlikehalde. Dette reduserer kvaliteten på areala (manglande grøfting og vedlikehald av hydrotekniske anlegg, manglande kalking)
- Leigd jord vert dårlegare skjøtta med større fare for gjengroing (manglande slått, meir ugras)
- Marginale og tungt drivne areal går lettare ut av bruk dersom jorda er bortleigd (småareal, kantareal, bakkar vert ikkje slått)

Jordvern og omdisponering

Fra 1949 til 2009 er om lag 1,08 millionar dekar dyrka eller dyrkbar jord på landsbasis omdisponert til formål som hindrar framtidig jordbruksproduksjon, dvs. nedbygd eller omregulert til andre formål (SSB). Regjeringa har som mål på nasjonalt nivå å avgrense omdisponeringa av dyrka og dyrkbar jord til under 6000 dekar pr år, jfr. St.mld.nr. 9 (2011-2012). I 2011 blei det etter jordlova og etter plan- og bygningslova i alt omdisponert 10 500 dekar dyrka og dyrkbar jord til andre formål enn landbruk. Av det omdisponerte arealet vart 25 prosent omdisponert til bustadføremål, 21 prosent til næringsverksemd og 18 prosent til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur. Den største delen av omdisponeringa, 76 prosent, skjedde ved at areala vart regulerte til andre føremål etter plan- og bygningslova.

Møre og Romsdal er mellom dei fylka der mest dyrka og dyrkbar jord blir omdisponert til andre formål. I 2011 vart det i Møre og Romsdal omdisponert 609 dekar, halvparten dyrka og halvparten dyrkbar jord. 355 dekar vart omdisponert etter jordlova og 254 dekar etter plan- og bygningslova. I

2009 vart heile 1800 dekar dyrka og dyrkbar jord omdisponert i fylket. Dette er nesten det doble av det Oslo/Akershus bygde ned same år (SSB).



Figur 15: Omdisponert dyrka og dyrkbar jord etter jordlov og plan- og bygningslov, perioden 2005-2011 (unntake skogplanting etter jordlova). Kjelde: Kostra.

Det er kommunane som har hovudansvaret for å ta vare på jordressursane med si vedtaksmynde etter Plan- og bygningslova (PBL) og jordlova. Dette inneber at kommunane må arbeide for at nasjonale mål om jordvern vert nådd gjennom planlegging og forvaltning lokalt. Langsiktige føringar nedfelt i kommuneplanar og andre relevante planar må følgjast opp på lokalt og regionalt nivå.

Fylkesmannen er høyringsinstans i dispensasjonssaker i høve til plan- og bygningslova, og kan i plansaker ha motsegn der ein ikkje tek nok omsyn til jordvernet. I tillegg kan fylkesmannen klage på vedtak om dispensasjon frå kommuneplanen, og gjere om kommunen sitt vedtak i høve jordlova. Jordvernstrategien for Møre og Romsdal ligg som grunnlag for arbeidet.

Mykje av dei beste areala med dyrka jord ligg der sentrum og tettstadane ein gong vart etablert. I tillegg er det samanheng mellom gode veksttilhøve og tal soltimar, som igjen har samanheng med kor folk gjerne vil bu. I distrikta kan spreidd busetting, som ikkje er forankra i plan, føre til uheldige konflikter med landbruket, og gje uheldig arrondering på teigane med dyrkajord. Kommunane må arbeide for ei høgast mogleg utnytting av gamle og nye utbyggingsområde.

Vegprosjekt er også ei viktig årsak til at dyrka jord vert omdisponert og oppstykkja til mindre drivverdige teigar. Det vil framleis vere ei utfordring å finne gode løysingar for både landbruksinteressene og samfunnet elles.

Klima og miljø

Klimagassutslepp

Landbruket står for om lag 9 prosent av det totale utsleppet av klimagassar her i landet.

Tal frå 2009 viser at jordbruket står for 63 prosent av dei totale utsleppa av lystgass (N₂O) i Noreg. Lystgass er ein kraftig klimagass, 310 gonger sterkare enn karbondioksid (CO₂). Utslepp som stammer frå husdyr- og handelsingjødsel står for 76 prosent av lystgassutsleppa frå jordbruket. Nyare forskning viser at grøfting er eit effektivt tiltak for å redusere utsleppa av lystgass, i tillegg til at det gir større avlingar og betre kvalitet på grovføret.

Husdyrproduksjon står for nesten alle utsleppa av metan (CH₄) i jordbruket, og saman med avfallsdeponi er dette også den viktigaste kjelda for totalutsleppa. Husdyra slepp ut metan direkte som tarmgass og indirekte gjennom gjødsla dei produserer, og sto i 2009 for 52 prosent av dei totale metanutsleppa i Noreg. Metan er 21 gonger sterkare klimagass enn karbondioksid (CO₂). Potensialet for reduksjon i utslepp av metangass i Møre og Romsdal er vurdert til ca. 42 000 tonn CO₂-ekvivalentar (Regional energi- og klimaplan). Biogassanlegg basert på husdyrgjødsel kan redusere utsleppa av metan og samstundes produsere klimanøytral energi.

Folketalsvekst og auka etterspurnad etter mat gjer at behovet for auka matproduksjon vil komme i konflikt med behovet for reduksjon av klimagassutslepp frå matsektoren. Sektoren sine klimagass-reduksjonar må primært skje ved reduserte utslepp pr produsert eining og ved endra samansetjing av forbruk.

Forureining

Jordbruket er ei kjelde til utslepp av næringsstoff til både til luft, jord og vatn. Utsleppsproblema frå siloar og gjødselkjellarar er i stor grad løyste gjennom ulike tiltak og verkemiddel, og fosforbruken er betre tilpassa plantane sine krav. Bruken av kjemiske plantevernmidel har gått ned. Likevel er det ein god del av dei tilførte næringsstoffa som ikkje vert utnytta.

Strukturendringane i landbruket dei siste åra har gitt auka transportbehov og ujamn fordeling av husdyrgjødsel på areala. Manglande gjødsellagerkapasitet gjer at mange bønder må spreie til ugunstige tider.

Vassdirektivet som Noreg er underlagt, delar inn landet i "vassregionar". Hovudmålet er at alle vassførekomstar skal ha "god tilstand" både med omsyn til forureining og biologisk mangfald. Dei lågareliggende områda i heile vassregionen har innslag av landbruksverksemd. Påverknadane er størst i dei mest jordbruksintensive områda. Årsakene kan vere nitrogenoverskott i produksjonen, avrenning av silopressaft og avrenning frå husdyrgjødsel. Enkeltår med store nedbørsmengder kan gi særleg stor utvasking av næringsstoff. Næringsavrenning frå landbruk i område med intensiv grønnsaks- og grasproduksjon er også ei utfordring. Avrenning av næringsstoff frå jordbruksområda kan gje attgroing i den grad at det oppstår vandringshinder for anadrom fisk (laksefisk).

I enkelte område har avrenning av næringsstoff frå landbruksverksemd gjort at blågrønnalgar har etablert seg. Desse er giftige og legg begrensingar på bruken av vatnet både ovanfor landbruket (drikkevatt til dyr på beite) og friluftsliv. Avrenning frå jordbruksaktivitet er ikkje vurdert som noko

betydeleg problem i dei store og vassrike elvane, medan små vassdrag og sidebekker til store vassdrag kan vere betydeleg påverka av landbruksforureining (vannportalen.no).

Utfordringane knytt til forureining er fleire:

- Spreiing av husdyrgjødsel seint i vekstsesongen
- Avrenning frå jordbruksareal og tekniske anlegg
- Manglande vedlikehald/grøfting av jordbruksareal

Utsleppa frå landbruksverksemd i Møre og Romsdal viser ein stabil eller minkande tendens dei siste åra. Målt i næringsstoff kjem om lag ein fjerdedel av alt nitrogen, og nær halvparten av alt fosfor som nyttast i jordbruket frå husdyrgjødsel.

Biologisk mangfald

Som forvaltar av store areal med viktige biologiske verdiar har jordbruket eit særskilt ansvar for det biologiske mangfaldet. Ca. 30 % av artane som er kategorisert som trua og sårbare artar er knytt til kulturlandskapet. Desse artane er utsett for ulik påverking frå jordbruket. Dei største truslane mot truga artar i jordbrukslandskapet er gjødsling og sprøyting av tidlegare ugjødsle og usprøyta mark, opphøyr av beite og opphøyr av tradisjonell drift. Tradisjonell drift og aktiv skjøtsel er den beste måten for å ta vare på biologisk mangfald i kulturlandskapet.


Både landbruks- og miljøforvaltninga har fleire verkemiddel for å ta vare på biologisk mangfald og kulturlandskapsverdiar. Fjellgardane i øvre Sunndal er eitt av 20 spesielt utvalde kulturlandskap som har fått ei spesiell forvaltning.

Husdyrproduksjonane

Mjølkeproduksjon

Møre og Romsdal er eit sterkt mjølk- og storfefylke, med nesten 10 prosent av landets samla mjølkekvote. Mjølkeproduksjonen står for den største delen av verdiskapinga i landbruket i fylket – ca 521 mill. kroner (inkludert geitmjølk) (NILF). Grovfôrbaserte produksjonar er arbeidsintensive.

Mjølkeproduksjonen i Møre og Romsdal har utvikla seg omtrent som for landet elles, men har klare særtrekk. Mange går ut av næringa, men mellom dei som ser framover er det stor vilje til å investere. For få år tilbake var det etableringa av samdrifter som stod bak dei største utbyggingane. I dag er ein del samdrifter under avvikling, og tyngda av utbyggingssakene er no enkeltbruk. Strukturutviklinga er langt på veg teknologidreven, der kapasiteten til mjølkeroboten i praksis har lagt føringane for kor stort det blir bygt. I løpet av den siste tiårsperioden har mange investert i driftsbygningar med plass til 50 kyr eller meir. Eigedomsstrukturen er ikkje tilpassa så store einingar, og meir og meir av produksjonen er basert på leigejord, i gjennomsnitt rundt 50 prosent. Dette er utfordrande i forhold til pantegrunnlag og sikkerheit i samband med investeringar eller eigedomsoverdraging, men også i forhold til driftskostnader knytt til transport og drift.



Figur 16: Verdiskaping (nettoprodukt) i kumjølkeproduksjonen i 2010, fordelt på kommune. Millionar kroner. Førebelse tal for 2010. Kjelde: NILF.

Strukturendringane kan bidra til å gjere mjølkeproduksjonen meir kostnadseffektiv, men samtidig kan dette kome i konflikt med andre mål som beitekrav og aktivt landbruk over heile fylket. Topografi og eigedomsstruktur er ikkje tilpassa så arealkrevjande produksjonar som storskala mjølkeproduksjon, og det kan tenkjast at mange i vårt fylke får betydelege konkurranseulempesamanlikna med dei mest sentrale jordbruksområda.

Beiting og mosjon er viktig for dyrehelsa, og indirekte også for omdømmet til landbruket. Samtidig er det klart utfordrande at dagleg beiting ikkje er lett forenleg med store driftseiningar, og ny robotteknologi. Regelverket rundt beiting er eitt av fleire eksempel på at ideelle omsyn og den praktiske kvardagen ikkje alltid møtest.


Mjølkeproduksjon er langsiktig og kapitalkrevjande. Som konsekvens av strukturelle endringar og ny teknologi har investeringane i ei «typisk driftsbygning» gått kraftig opp og større husdyrbygningar tilpassa robot og 50 – 60 kyr har ofte prislapp på over 10 millionar kroner. Det er eit stort udekt investeringsbehov i næringa, og oppfyljing av ambisjonar om produksjonsmål er avhengige av tilgang til nok kapital på vilkår næringa kan leve med.

Som grunnlag for å estimere kapitalbehovet har fylkesmannen i 2012 henta inn opplysingar om status for 740 (av totalt 990) mjølkeproduksjonsbruk. Rekna om til totaltal er det 251 bruk som har lagt om til lausdrift og 740 båsfjøs i mjølkeproduksjonen. Pr 2012 er det knapt 9 000 kyr som går i lausdrift, og litt over 13 000 som står på bås. Dersom vi – som rekneeksempel – ser på kostnadane ved å bygge om til lausdrift for alle kyr på bås, får vi innsyn i kapitalbehovet for dei neste 10 – 15 åra. Dersom vi reknar ein gjennomsnittskostnad på 175 000 kroner for kvar ku, gir dette eit totalt kapitalbehov på 2,3 milliardar kroner.


Kvar utbygging kan i dag maksimalt få 900 000 kroner i tilskot over bygdeutviklingsmidlane (2012). Dersom vi reknar med at investeringar i mjølkeproduksjonen blir tilgodesett med 20 millionar kroner i investeringstilskot kvart år, vil det ta 33 år før alle har lagt om til lausdrift.

Tine Rådgiving spelar ei viktig rolle. Rådgjevingstenesta har dei siste åra blitt profesjonalisert og utvida, og tilbyr kompetanse og tenester på eit breitt spekter frå produksjonsfagleg rådgiving til bygningsteknisk planlegging og økonomiske analyser. Tine Rådgiving opptrer også som samtalepartnar i vegvalspørsmål. Konkurranseskraft og utviklingsmoglegheiter er nært knytt til godt grovfôr. Meir og bedre grôvfor er viktige forutsetnader for å løfte mjølkeproduksjonen.


Mjølkeproduksjonen er volumorientert, og inntektsnivået blir i stor grad bestemt av ytre rammer og av god kontroll med kostnadane. Kostnadane stig meir enn produktprisane, og dermed vert tilskota ein viktigare del av totalinntekta. Innanfor desse rammene er rasjonelle produksjonslinjer og god kostnadskontroll nøklane til økonomisk berekraft.



Figur 17: Utvikling i tal mjølkeprodusentar og buskapsstorleik. Kjelder: Produksjonstilskott, SLF.




Figur 18: Kvote fordelt på fylke. Møre og Romsdal sin andel av total kumjølkkvote i landet ligg på 10 prosent og fylket er det femte største mjølkeproduksjonsfylket i landet. Kjelde: SLF.



Figur 19: Nettokjøp av mjølkekvote ku 2003-2011, kommunevis. Kjelde: SLF.

Det er stor skilnad mellom kommunane i fylket i kor stor grad dei kjøper eller sel mjølkekvotar. Medan gardsbruka i Fræna kommune har kjøpt inn ca 1,2 mill liter ny kvote i perioden 2003 til 2011,

har dei i Aure kommune selt ca 750 000 liter meir enn dei har kjøpt. Totalt sett for Møre og Romsdal, er det selt nesten 900 000 liter kumjølkkvote meir enn det er innkjøpt i denne perioden. Dette er eit stort nettotap av produksjonspotensiale for næringa i fylket.




Figur 20: Snittkvote fordelt på fylke. Kjelde: SLF.

Kvotordninga for mjølk og samdrifter – viktig distriktsverkemiddel

Gjennomsnittleg mjølkekvote for ku i 2012 er i fylket på 174 754 liter, noko som er nær landsgjennomsnittet. I 1998 var den under halvparten, 71 700 liter. Den veldige strukturutviklinga kom etter at det vart høve til å kjøpe og selje kvote, og seinare også leige. Møre og Romsdal har i alle år vore blant fylka der flest bruk har selt mjølkekvoten. Einskildbruk har høve til å kjøpe mjølkekvote frå staten eller frå private, eller dei kan leige kvote frå andre bruk. Det er no ni prosent av bruka som leiger i snitt 59 000 liter.

I grafen under ser vi at det er det tradisjonelle familiebruket med ein kvote på mellom 50 000 og 100 000 liter som blir mest redusert. Vi ser ein svak auke i tal driftseiningar med over 200 000 og over 400 000 liter i kvote.



Figur 21: Utvikling av disponibel mjølkekvote 2003-2012. Kjelde: SLF.

Reglane for kjøp, sal og leige av mjølkekvote er stadig endra, men det har vore eit strengt regime for å sikre rettvis fordeling av kvotene og tilpasse mjølkemengda til marknaden. Samdriftskvote kan ikkje overstige 750 000 liter kumjølkk om ein ikkje har høgare historisk kvote. For einskildbruk er kvotetaket 400 000 liter kumjølkk og 200 000 liter geitemjølkk. Det er ikkje høve til å omsette kumjølkkvotene utanfor kvoteregionen som er Møre og Romsdal. For geit er Sør-Noreg ein region.

Etter at det vart høve til å leige mjølkekvote, er det mindre interesse for å etablere samdrifter med sikte på å utvide produksjonen, og nokre samdrifter blir oppløyste. I 2011 er det 405 bruk med kumjølkk som deltek i 148 samdrifter, og som leverer 47 mill. liter eller 33 prosent av produksjonen i fylket. For geit er det tre samdrifter som leverer 434 000 liter, noko som utgjer 17 prosent av produksjonen.


Driftsgranskingar for landet under eitt (NILF 2010) viser at samdrifter med vel 40 kyr har noko betre vederlag til arbeid og eigenkapital eller målt som lønsevne pr time enn jamstore einskildføretak. Landbrukspolitikken går i retning av utjamning av reglane for produksjonstilskott uavhengig av om det er einskildføretak eller samdrift.

Mjølkerobot erstattar krevjande fysisk arbeid to gonger dagleg alle dagar året rundt, i tillegg til at arbeidstida til brukaren blir meir fleksibel og kan enklare tilpassast sosiale aktivitetar på ettermiddag og kveld. Bruk av mjølkerobot kjem inn på stadig fleire bruk med buskapar på over 30 – 35 kyr. Nokre få samdrifter i fylket har to mjølkerobotar og opp mot 120 kyr. Stykkpris på mjølkerobot er rundt 1,2 mill kr, og årlege serviceavtalar kostar rundt kr 100 000. Som regel gir mjølkerobot noko auka avdrått pr ku ved fleire mjølkingar pr dag og vel så god jurhelse. Bruk av mjølkerobot krev at kyr som

mjølkar held seg i nærleiken av fjøset heile dagen, slik at bruk av beite normalt vil utgjere ein mindre del av fôrrasjonen på desse bruka.

Storfekjøtt

Kjøttproduksjon på storfe og hald av ammekyr er eit prioritert vekstområde. Næringsstrategien for Møre og Romsdal prioriterer tildeling av midlar til utbygging av kombinert mjølk- og kjøttproduksjon og til spesialisert produksjon av storfekjøtt. Forventa underskot av storfekjøtt i landet i 2012 er større enn alt storfekjøtt levert frå fylket vårt. Produksjonen av storfekjøtt i Møre og Romsdal auka i perioden 2001 til 2010 med berre 3,7 prosent. Nabofylka har auka meir og opp mot landsnittet som har gått opp med 23 prosent.



Figur 22: Omsetning av kjøtt frå ammekyr, millionar kroner. Førrelse tal for 2010. Kjelde: NILF.

ammekyr. Trass sterk nedgang i tal mjølkeprodusentar har talet på bruk med ammekyr også gått ned, men talet på dyr har halde seg nokså stabilt.

Det er kome til fleire større buskapar med rein storfekjøttproduksjon utan mjølk dei seinare åra i fylket, og nokre er under planlegging. Fylket har også produsentar med eit heilkjede-konsept med leveranse av viss type slakt til omsetningsledd etter avtale. Kommunar som har størst ressursar i jord, beite og bygg til å auke produksjonen av storfekjøtt kan vere Molde, Nesset, Rauma, Midsund, Eide, Averøy, Sunndal, Rindal, Aure, Halså og Smøla – på Sunnmøre Hareid, Ørsta, Volda og Haram.


Sauer og buskapsstruktur

I alt 1 081 bruk i Møre og Romsdal driv med sau. Det er registrert 57 400 vaksne sauer over eitt år, i snitt 51 sau pr besetning (2011). 60 prosent av buskapene har mindre enn 50 vaksne sauer.

Sauehaldet i fylket har auka med berre 6 prosent i åra 2000 til 2011, mot 31 prosent på landsbasis. Det blir for tida bygd nokre nye større sauefjøs, og det er noko større interesse for den tradisjonelle driftsforma å kombinere ku og sau for å nytte ut beite og gamle driftsbygningar. Det er ein aukande

Ammekyr blir halde på 313 bruk i fylket med i alt 3 705 kyr (2011). Dette utgjere berre 5,2 prosent av talet på ammekyr i landet. Det er 220 bruk i fylket som får driftstilskot til spesialisert kjøttproduksjon som gjeld hald av visse kjøttferaser. Reglane for produksjonstilskott er endra slik at dei som har mjølkekyr også kan få driftstilskot for ammekyr av minst 50 prosent kjøttferase. Det gjer det meir interessant å kombinere ammekyr med mjølk. Over halvparten av brukarane har mindre enn 10

tendens til å halde sauen på innmarksbeite over sommaren sidan det er ein del ledig innmarksbeiteareal der storfeholdet har gått ut. Dei største sauekommunane i fylket er Rauma, Vanylven, Surnadal, Fræna, Nesset og Stranda.



Figur 23: Omsetning frå sauehald, millionar kroner. Kjelde: NILF.

Sauenæringa har hatt store utfordringar over tid. Lønsemda er for låg, og næringa slit med store tap på utmarksbeite. Tala for tap av sau og lam på beite har over tid gått sterkt opp, og Møre og Romsdal er mellom dei fylka som slit mest.

Gjennomsnittleg lammetap har ligge rundt 12 – 14 prosent dei siste åra. Dette er uakseptabelt høgt både med omsyn til driftsøkonomi, dyrevelferd og generelt omdømme. Det er også ei stor belastning for dyreeigaren.


Problemstillingane er mellom anna knytte til flåttborne sjukdomar og alveld. Freda rovvilt, spesielt jerv, er ei viktig tapsårsak i indre strøk på Nordmøre og i Romsdal, men også bjørn og gaupe har tidvis gjort ein del skade. Det viktigaste forebyggjande tiltaket i forhold til rovdyr er tidleg heimsanking frå utmarksbeite, der beitedyr og rovdyr blir skilt i tid og rom, og meir bruk av innmarksbeite/heimebeite. Lisensjakt på jerv, og ei avklaring av arealfordelinga mellom beiteareal og freda rovdyr, er også viktige tiltak for å unngå store tap i indre deler av fylket. Dei andre tapsårsakene viser seg å vere utfordrande å finne verksame tiltak mot. Dersom næringa ikkje klarar å få tapa markert nedover på relativt kort sikt, er grunnlaget for sauenæringa i nokre beiteområde usikker. Dette er utfordrande for kvar enkelt sauebonde, men også for nasjonale styresmakter og aktuelle forskingsmiljø.

Føresetnadar for å halde oppe og utvikle sauenæringa er:

- Beitetapa – uavhengig av årsak – må ned
- Problemstillingane mellom beitedyr og rovdyrforvaltning må avklarast
- Sjukdomsproblema (dyreetisk problemstilling) må løysast
- Det kan vere nødvendig å finne alternative beiteområde
- Strukturproblem og låg lønsemd gjer at sauen passar dårleg inn i regelverket for finansiering av driftsbygning. Avklaring av mål og analyse av konsekvensar for regelverk er nødvendig

Stell av kulturlandskapet er eit viktig argument for å utvikle sauehaldet. Effektane i landskapet er naturlegvis proporsjonale med talet på beitedyr. Dersom mange beitedyr og stort beitetrykk er eit viktig mål, kan det vere fornuftig at bønder i større grad enn i dag kan samarbeide om arbeidet gjennom vinterhalvåret. Dette utfordrar regelverket for produksjonstilskot, som gjer at store besetningar kjem dårlegare ut økonomisk. Produksjon basert på utegangarsau har fått eit visst


omfang dei siste åra. Denne produksjonen betyr lite for produksjonen av mat, men har ein viss funksjon for å halde oppe kulturlandskapet.



Figur 24: Utvikling i tal søkjarar med sauer. Kjelde: Produksjonstilskott, SLF.


Geiter og buskapsstruktur

Geitehald er konsentrert til visse område av landet. Det vert produsert 2,5 millionar liter geitmjølk på 38 gardsbruk. Møre og Romsdal har vel 12 prosent av produksjonen og geitene i landet. Stranda er den største geitekommunen i Sør-Noreg. Elles finn vi geitebuskapar i kommunane Vanylven, Volda, Ørsta og Norddal. Det er stor interesse for kvotekjøp i geitmjølkproduksjonen. Møre og Romsdal er det tredje største geitefylket i landet, med 14 prosent av totalkvoten.




Figur 25: Fylkesvis fordeling av geitmjølkkvotar 2012. Kjelde: SLF.

Geitenæringa gir relativt gode inntekter på små og brattlende bruk, og geita er sterkt ønska for å pleie kulturlandskapet. Næringa er totalt sett lita, men utviklinga gir grunn til optimisme. TINE Vest sitt anlegg i Ørsta tek i dag imot det meste av geitmjølka som blir produsert på Sunnmøre. Fortsatt vekst vil avhenge av at det blir betre sal eller at produktspekteret basert på geitmjølk blir større. Møre og Romsdal har den største gjennomsnittskvoten for geitmjølk i landet.



Figur 26: Snittkvote geitmjølk per føretak fordelt på fylke, 2012. Kjelde: SLF.

Mjølkeproduksjon på geit gir «overskot» på kje, og anslagsvis 5 000 nyfødde kje blir slakta og destruert kvart år. Med betre organisering bør dette vere ein ressurs for næringa. Forholda bør ligge godt til rette for å føre opp fleire kje til akseptabel slaktevekt. Dette betyr betre landskapspleie, betre ressursbruk og potensielle inntekter til næringa.



Figur 27: Verdiskaping i geitmjølkeproduksjonen (nettoprodukt), fordelt på kommunar. Millionar liter. Førebelse tal for 2010. Kjelde: NILF

Svinehald


Svine- og fjørfehald har sidan 1975 vore underlagt avgrensingar i besetningsstorleik (lov om regulering av ervervsmessig husdyrhold). Bakgrunnen for lova var at utviklinga innanfor desse produksjonane gjekk i retning av industriprega produksjon basert på innkjøpt kraftfôr. Dette vart sett på som lite ønskeleg ut frå landbrukspolitiske mål. Maksimumsgrensene for konsesjonsfritt svinehald vart sist endra i 2003, og grensene er no 2 100 omsette eller slakta slaktegrisar pr år eller 105 innsette avlspurker.

Produksjonen av svinekjøtt er meir enn dobla sidan byrjinga av 1960-talet. Andel svinekjøtt av total kjøttproduksjon utgjorde 39 prosent i 2009, det same som i 1990. Dette utgjør 2525 tonn svinekjøtt, noko som gjev ei verdiskaping på 63 mill kr i Møre og Romsdal. Nesten 80 prosent av kraftfôret som vert nytta i svinekjøttproduksjonen, kjem frå norskprodusert korn.

I Møre og Romsdal er det i dag ca 1200 avlspurker (2,2 prosent av landet) fordelt på 43 bruk. Det er 193 bruk som leverer slaktegris. Produksjonen av svinekjøtt har siste tiåret gått opp 41 prosent på landsbasis og 21 prosent i vårt fylke.

Purkeringen i Møre og Romsdal er ein samarbeidsmodell med ca 20 medlemmer. Eit «nav» lokalisert i Tresfjord inseminerer purkene og fôrar dei fram til det nærmar seg fødsel. Deretter blir dei drektige purkene transportert til ein smågrisprodusent (satellitt), der grisungane blir fødte og fôra fram til slaktegris, medan purka returnerer til «navet» for ei ny inseminering og oppfôring. Nokre av satelittane sel også smågris for framfôring hos andre. Purkeringen har medverka til at Møre

og Romsdal relativt sett har teke større del av auken i kjøttproduksjonen på gris enn for storfe og sau i det siste tiåret.




Figur 28. Tal søkjarar med gris og tal dyr per buskap. Kjelde: SLF.

Fjørfe

Konsesjonsgrensene på slaktekyllingproduksjon er 120 000 omsette eller slakta kyllingar per år, i kalkunproduksjon 30 000 omsette eller slakta kalkunar per år og eggproduksjon 7 500 innsette høner.

Møre og Romsdal har i dag 115 000 verpehøner (3,0 prosent av landet) på 109 bruk. 16 produsentar står for 99 prosent av produksjonen i fylket. Det er etablert og under etablering fleire nye produsentar med 7 500 høner. Husa er tilpassa nye krav til hønsehald gjeldande frå 2012. Egg blir henta av Nortura – Prior i Trondheim, og nokre få produsentar leverer egg direkte til kjedebutikkar. På Rovde i Vanylven har fem bønder som dei einaste i landet samlokalisert sine frittstående hønsehus i samsvar med konsesjonsreglane og med det skapt fagmiljø og meir rasjonell leveranse.

På kyllingsida er det i dag to produsentar i Møre og Romsdal.



Figur 29. Tal søkjarar med verpehøns og tal dyr per buskap. Kjelde: SLF.

Hest

Hestehaldet på gardsbruka og elles som næring og hobby har vakse raskt i fylket dei seinare åra. Møre og Romsdal har fleire gode hestemiljø, 22 rytterklubbar, ridebanar og ridehallar i regi av klubbar eller privat, dessutan fleire travbanar. Hest er ofte nytta i Inn på tunet, i turistnæringa, og ved festlege arrangement. Fylket har veterinærer med spesialkompetanse på hest.

Gjermundnes vidaregåande skule har utdanningstilbod Vg 2 Heste- og hovslagerfag, som kombinert med fleire skuleår kan gi fagbrev og hestefaglært, eller agronom- eller studiekompetanse med Vg 3 landbruk eller naturbruk. Skulen har stallplass til 20 hestar(også elevhestar), beite, banar og det blir bygd ridehall på skulen.

Det er i 2012 415 bruk i fylket som får produksjonstilskott for hest . Det er flest hestar i Ørsta, Vestnes, Rauma, Fræna, Gjemnes, Surnadal og Rindal, i alt 415 hestar under 3 år og 1921 hestar eldre enn 3 år. I tillegg er det mange hestar i fylket som ikkje har tilhald på landbrukseigedommar, og som dermed ikkje er registrerte i oversiktene for produksjonstilskott.

Landbruket leverer fôr til hest samt ein del stallplassar. Hesten er eit godt beitedyr, bra i sambeiting med andre husdyr. Unghest under 3 år i næring på gard kan få produksjonstilskott for husdyr. Alle hestar føretaket disponerer eller har beiteavtale for kan få tilskott på innmarks- og utmarksbeite.

Utfordringar knytt til hestehaldet og landbruket er:

- Utvikle næring av varer og tenester som kvalitetsfôr og stallplass for hest
- Retningslinjer og avtaler for organisert bruk av hest på landbruksareal
- Opparbeide vegar og stiar som er lagt til rette for riding frå anlegg ut i terrenget utan bruk av offentleg veg
- Godkjenning av hest som næring i skatteetaten

Pelsdyr

Pelsdyrhald for produksjon av skinn starta opp som ein tilleggsproduksjon til tradisjonelt jordbruk mellom 1910 og 1920. No vert pelsdyrhald delvis drive i kombinasjon med anna jordbruk, vanlegvis kombinert med mjølkeproduksjon i vårt fylke, men også delvis som ein separat produksjon. Det vert produsert skinn av mink og av fleire typar rev. Pelsdyrhaldet skil seg frå resten av landbruket i Noreg ved at produksjonen i hovudsak er retta mot verdsmarknaden. Pels som moteplagg svingar mykje i popularitet, og skinnprisane og økonomien i produksjonen følgjer desse svingingane.

Det er i dag 17 pelsdyroppdrettarar i fylket som har til saman 2 000 minktisper og 2 250 revetisper. Det største pelsdyrmiljøet i fylket er i Norangsdalen i Ørsta.


Planteproduksjon

Korn

Møre og Romsdal er eit lite kornfylke, og produksjonen har tradisjonelt vore kombinert med grovfordyrking. Dette biletet har forandra seg dei siste åra. Ein del av dei som har slutta med husdyrhald har gått heilt over til kornproduksjon på eige og leigd areal. Det er også eit potensiale i krossing av korn (tresking, knusing og ensilering av umodent korn), som kan gå inn i fôrrasjonen i mjølkeproduksjonen som delvis erstatning for innkjøpt kraftfôr. Totalarealet i 2012 er på omtrent 17 000 dekar, fordelt på 150 produsentar. Meir enn halvparten av kornarealet er i kommunane Fræna og Surnadal.

Frukt og bær

Frukt og bær er totalt små produksjonar, men med stor lokal betydning. Dette dreiar seg først og fremst om frukt- og bærmiljøet i Valldal, men det er også betydeleg produksjon av bær i Molde og eit lite bærmiljø i Frei.



Figur 30: Omsetning av frukt og bær, millionar kroner. Kjelde: NILF.

Jordbærprodusentane i Norddal leverar rundt 700 tonn kvart år, og har tatt omtrent halvparten av marknaden mot konserverindustrien. Produksjonen er i vekst, og miljøet har tatt grep for å bygge merkevare og utvide produktspekket.

Sjølv om miljøa på frukt og bær er små i det totale bildet, gir dei eit viktig bidrag til allsidigheit og breidde i produksjonen. Dette er kompetanseintensive produksjonar, og konkurransekraft er avhengig av eit godt samspel mellom produsentar, rådgjevingsapparat og forskning. Det er etterspurnad etter bær i Norge både til konsum og industri. Bærmiljøa i Møre og Romsdal kan ta ein større del av marknaden her i landet.

Poteter og grønsaker

Potetproduksjon har i løpet av to tiår gått frå småskala produksjon på mange bruk, til profesjonell storskalaproduksjon med få aktørar. Her i fylket er det særleg bønder i Sunndal som har satsa på potetdyrking. Omsetninga har gått opp gjennom fleire år, og der er framleis rom for vekst.

Potetprodusentane er avhengig av jord med dei rette kvalitetane, og det er også nødvendig med vekstskifte og samarbeid med bønder som har andre kulturar.

Smøla har fleire produsentar som over tid har satsa på kålrot eller gulrot. Miljøet på Smøla står for det aller meste av grønsakproduksjonen i fylket. Gulrotproduksjonen har tatt seg ein god del opp, og gir viktige bidrag lokalt. Også produsentmiljøet knytt til Valldal Grønt har ein mindre produksjon av grønsaker (kålrot) og poteter.

Desse miljøa er fagleg sterke, og produksjonane set krav til godt samarbeid med rådgjevingsteneste og forskning. Hos mottaksanlegga er det kapasitet til å handtere større volum enn i dag. Ein auke i

leveransane gjennom desse anlegga vil styrke anlegga, og samstundes gje høve til betra lønsemd i eksisterande volum.

Veksthusnæringa

Talet på føretak innanfor veksthusnæringa er redusert, på lik linje med andre produksjonar i landbruket. I perioden frå 2000 til 2012 var talet føretak som driv med kaldhus redusert frå 20 til to. Tilsvarande for oppvarma drivhus var ein reduksjon frå 23 til sju. I 2012 er det ein tomatprodusent og tre agurkprodusentar i Møre og Romsdal.

Bygdenæringar

Norsk landbruk har drive med kombinasjonsnæringar i alle år og dette har vore ein føresetnad på mange gardsbruk for å ha nok inntektsgrunnlag. Innanfor bygdenæringane har det skjedd mykje dei siste tiåra: Det har mellom anna vokse fram næringar knytt til reiseliv, helse og omsorg og mat med lokal identitet. Meir fritid, auka merksemd om helse og auka kjøpekraft opnar for å etablere nye verksemdar og arbeidsplassar. Ein viktig del av dette vil vere å utnytte lokale og regionale særpreg til å skape konkurransefortrinn. Eit løft for bygdenæringane føreset at alle ressursar i bygda i landbruket vert teke i bruk. Utan eit sterkt tradisjonelt jordbruk fell også grunnlaget for å etablere bygdenæringar bort. Landbruksnæringa er framleis mannsdominert, men bygdenæringane har vist seg å gje attraktive arbeidsplassar for kvinner. Mange opplever at næringar som Inn på tunet, reiseliv og produksjon av lokal mat gir høve til å bruke egne interesser, utdanning og erfaringsbakgrunn.

Det finst lite konkrete tal for kor stor andel bygdenæringane utgjer i årsverk eller i inntekter i Møre og Romsdal. Utrekningar på landsbasis viser at bygdenæringane sitt bidrag til familieøkonomien framleis er lite, trass i ein liten auke det siste tiåret. Likevel er dette ei viktig inntektskjelde for einskildbruk. Overskottet frå bygdenæringane utgjorde i gjennomsnitt seks prosent av samla inntening på alle driftsgranskingsbruk i 2009. Lønsemda er betre i produksjon av tenester enn varer. Trendundersøkinga for Møre og Romsdal har spurd bøndene om dei driv næringsverksemd med utgangspunkt i bruket sine ressursar. Vel ein firedel tek på seg oppdrag som leiekøyring, slått, brøyting, strøing osv. Nesten like mange driv med vedproduksjon eller leiger ut jakt- og/eller fiskerettar. Fire prosent oppgir at dei driv med gardsmat og omtrent like mange arbeider med avlastning innanfor helsesektoren. 26 prosent svarar at dei tener mellom 100 000 og 500 000 kroner på næringsverksemd utanom den tradisjonelle gardsdrifta. 61 prosent tener inntil 100 000 kroner på denne verksemda.

Kommunane er førstelinjeteneste for mange av landbrukets verkemiddelordningar. Hoppidapparatet tilbyr relevante kurs og individuell rådgjeving for alle som vil utvikle forretningsidear og starte ny verksemd.

Landbrukstilknytt næringar dekkjer så stort tematisk område at det er vanskeleg å lage generelle strategiar. Det må vere samsvar mellom politiske ambisjonar, disponible ressursar for tiltak og strategiane for bruk av verkemiddela. Frå 2013 skal dei landbruksretta verkemiddela til næringsutvikling og miljøatsing samlast i ein strategi – Regionalt Næringsprogram (RNP).


Møre og Romsdal har eit stort potensiale for å utvikle bygdenæringane vidare, til dømes innanfor desse områda:

- Utmarksressursar: Landbruket forvaltar store viltressursar. Omrekna til slaktevekt representerer uttaket årleg førstehandsverdi på om lag 42 mill kr. Legg vi til verdien av reinsjakta er denne verdien nær 50 mill. kr årleg
- Reiseliv: Levande bygder og bygdebasert reiseliv er gjensidig avhengig av kvarandre. Norsk bygdeforskning har estimert lokal omsetjing for gardsturisme til om lag 1 milliard kroner på landsplan, og nær 3000 sysselsette kan vere knytt til gardsrelatert turisme. Bygdeturisme har potensiale til vekst og auka lønsemd, men har samtidig lett for å bli usynleg mellom dei store reiselivsaktørane. Den landsdekkande bransjeorganisasjonen «Hanen», som organiserer leverandørar av lokal mat og bygdeturisme, har 30 medlemmer i Møre og Romsdal
- Kultur: Landbruket er kulturberar og leverer viktige bidrag i form av opne landskap og velstelte bygder, men så langt har lite av inntektene kome næringa direkte til gode. Norsk Kulturarv kan vere ein aktuell samarbeidspartner for både kommunar, bygdelag og gardbrukarar som ynskjer å utvikle næringsverksemd på grunnlag av verneverdige bygningar og kulturlandskap på garden
- Lokal mat: I følgje Matmerk omsette norske matspesialitetar for nær 2,6 milliardar kroner frå september 2010 til september 2011. Dette er ein auke på 13 prosent i forhold året før. Til samanlikning har totalmarknaden for mat og drikke auka med 4 prosent. Regjeringa sitt mål er at innan 2020 skal 20 prosent av omsett mat i daglegvarehandelen vere norske matspesialitetar.
- Inn på tunet: Inn på tunet er tilrettelagte og kvalitetssikra tenestetilbud på gardsbruk. Dette er i hovudsak tenestetilbud som foregår i nært samarbeid med oppvekst/skule-, helse- og sosialektor i kommunen. I dag er det mellom 40 og 50 Inn på tunet-tilbod i Møre og Romsdal og interessa for å starte med slike tilbod er aukande

Skogbruk

Utviklingstrekk

Møre og Romsdal har i dei siste 50 åra hatt stort fokus på oppbygging av skogressursane. Det er gjennomført treslagsskifte på om lag 20prosent av den produktive skogsmarka, og vi har så vidt



Figur 31: Avverking fordelt på treslag 1995-2010. Kjelde: Skogfundsrekeskapen.

gran enn furu her i fylket. Det har òg vore ein tendens til at vi har felt kulturskogen noko tidleg i forhold til kva som ville ha vore optimalt med tanke på volum og kvalitetsproduksjon.


starta med å hauste av desse ressursane.

Samstundes har fylket lange og gode tradisjonar innan stell og foredling av furuskogane.

I motsetnad til furuhogsten har hogst av gran halde seg stabil eller auka dei siste 10 åra. I

2001 blei det for første gong i historia hogd meir

I 2011 blei det omsett om lag 140.000 m³ med virke til industrien, hogst til ved kjem i tillegg. Dette er rekord viss ein ser bort frå avverkinga etter orkanen i 1992. Strategiplanen for skogbruket i Møre og Romsdal har målsetting om å legge til rette for ei avverking på 350.000 m³ i 2025. Grana er av god kvalitet, og det er lite råte og tørrgran. I 2011 var andelen sagtømmer for gran om lag 55 prosent. I 2012 vil avverkinga bli ytterligare auka på grunn av orkanen Dagmar jula 2011 som førte til store skogskader, spesielt på Sunnmøre. Det er gjort anslag på at skadeomfanget er på om lag 250.000 kubikkmeter vindfelt skog.



Figur 32: Hogst av industrvirke i Møre og Romsdal 2004-2011. Kjelde: Landsskogtakseringa.


Romsdal.

[Strategiplan for skogbruket i Møre og Romsdal 2008 – 2016](#) er vedtatt i fylkestinget.

Tiltaksplanen vart revidert i 2011 og godkjent av fylkestinget på ny 13.12.2011. Strategiplanen kan lastast ned ved klikke på lenka ovanfor, den ligger under fanen «*Relaterte dokument*». I denne landbruksmeldinga vil derfor berre ei kort oppsummering over skogens rolle og potensiale bli omtalt. Skogbruket si rolle i


klimasamanheng er omtala i regional energi- og klimaplan for Møre og

Naturskogen består av furu og lauvskog. Dei viktigaste furuområda er i midtre og nordre del av fylket medan lauvområda er i fjellbeltet og i låglandet i indre og sørre delar av fylket. Naturskogen er for det meste for glissen til å nytte marka si produksjonsevne fullt ut. Tiltak for å auke skogressursane og skogproduksjonen har vore sterke drivkrefter for det næringsmessige skogbruket i Møre og Romsdal dei siste 50-60 åra. Gevinsten av dette arbeidet står vi no i ferd med å kunne hauste i form av kraftig auke i avverkinga.



Figur 33: Arealfordeling i Møre og Romsdal. Kjelde: Landsskogtakseringa

Skogen i Møre og Romsdal er taksert fire gonger i perioden 1962 – 2002. I tillegg finst det tal frå 1930, sjølv om desse er noko meir usikre. Både areal, volum og tilvekst er i sterk utvikling. Møre og Romsdal fylke har eit areal på i alt 1,46 mill hektar, av dette er 25 prosent, eller 360.000 hektar, skogkledd mark.




Figur 34: Skogarealet i fylket. Kjelde: Landsskogtakseringa

Av samla skogareal er ca 284.000 hektar produktiv skogsmark. Sett i høve til totalt skogareal i Noreg utgjer dette om lag 4 prosent. Berekingar gjennomført av Institutt for Skog og landskap viser at i underkant av 70 prosent av den produktive skogen i fylket er økonomisk drivbart med dagens rammevilkår. Størsteparten av det økonomisk ikkje drivverdige arealet er produktiv skog som ligg i brattliene langs enkelte fjordarmar, og


vert i dag ikkje rekna som framtidig areal for eit aktivt skogbruk. Desse areala består til dels av gamal samanhengande furuskog og gamal lauvskog. Det er registrert stor biologisk verdi på enkelte av desse areala, og dei bør vurderast i samband med prosessen omkring frivillig vern. Til no er 2.781 dekar skog i fylket verna gjennom frivillig vern.

Det vil vere viktig at langsiktig arealforvaltning i kommunane sikrar at dei beste produksjonsareala blir verna mot utbygging og forvalta med tanke på framtidig skogproduksjon og vern om det biologiske mangfaldet. Omdisponering av skog til anna areal bør i størst mogleg grad leggjast til areal med lågare bonitet der konsekvensane for skogbruket som næring, og som forvaltar av miljøverdiar, er minst mogleg. Figuren under viser produktivt skogareal fordelt på bonitet med og utan treslagsskifte. Som vi ser vil arealet med høg bonitet auke dersom ein legg opp til treslagsskifte.





Figur 35: Produktivt skogareal fordelt på bonitet. Kjelde: Landsskogtakseringa.

Det er planta om lag 50.000 hektar gran i fylket. Møre og Romsdal er likevel framleis eit furu- og lauvfylke. Nyplantinga har gått sterkt tilbake dei siste åra. Det har samanheng med mindre fokus på skogreising, samstundes som næringa generelt har hatt mindre fokus på langsiktige investeringar.




Figur 36: Produktiv areal fordelt på treslag. Kjelde: Landsskogtakseringa.

Grana produserer halvparten av den totale tilveksten i fylket på berre femteparten av arealet. Tilveksten har vore i sterk utvikling for alle treslag sidan 1930. Det siste tåret er tilveksten i furuskogen flata ut og er nå i nedgang. Årleg tilvekst i skogane er om lag 1 million fastkubikkmeter.




Figur 37: Tilvekst fordelt på treslag. Kjelde: Landsskogtakseringa.



Størsteparten av tilveksten på gran er ungskog i hogstklasse 3. Dette er årsaka til at vi enno er i startgropa når det gjeld avverkning av gran.

Figur 38: Tilvekst av gran fordelt på hogstklassar. Kjelde: Landsskogtakseringa.

Infrastruktur og tømmertransport



Figur 39: Skogsvegbygging 1961-2009. Kjelde: Skogfundsrekningskapen.

det er for utbetring/ombygging på desse vegane. I tillegg kjem dei offentlege vegane gjennom skog som også utgjer ein del av infrastrukturen i skogen. For heile fylket er det om lag 5 meter bilveg per

Driftstilhøva i skogen i fylket er vekslende med til dels bratte lier og kupert terreng. Marka er ulendt og ofte med dårleg bereevne. Det atlantiske klimaet gjer at vi ofte har milde vintrar utan tele i jorda. I dei fleste skogområda i fylket vårt er det difor kostbart og vanskeleg å drive utan vegar og vinsjeutstyr. Tal frå Kartverket sin vegbase viser at det er registrert 1.077 km private skogsvegar i fylket der det er mogleg å køyre med bil. Det er noko uvisse når det gjeld standard, om dei kan trafikkerast med tømmerbil og kva behov

hektar produktiv skog, varierende frå 4 til 7 meter per hektar per kommune. Strategiplanen for skogbruket har målsetting om 7 m/ha produktiv skog innan 2015.

Undersøkingar viser at 30 prosent av ståande volum i gamalskogen på Vestlandet står på areal med meir enn ein 1 km driftsveglengde. Tilsvarande tal for Innlandet er halvparten, 15 prosent. Dette er naturleg ut frå at kystfylka til no har vore opptekne av ressursbygging ved skogplanting og ikkje så mykje av hausting av skogressursane. No står Kystskogbruket framfor haustingsfasen, og vegnettet må byggjast ut for å gje dei gevinstar eit rasjonelt skogsvegnett gir.

Transportbrukernes Fellesorganisasjon har utarbeidd ein rapport om "[Skognæringens transportruter på det offentlige veinett i Møre og Romsdal i perioden 2020-2030](#)". For tømmertransport er det vektgrensa samt horisontal/vertikal-kurvatur på off vegnett som avgrensar bruken av vogntog m fireaksla hengar den største hindringa for tømmertransporten. Rasjonell tømmertransport krev BK 19/50 og 22 meter vogntoglengde. Rapporten viser at 87 prosent av dei kommunale vegane som var med i undersøkinga, utgjer ein flaskehals for tømmertransporten i form av restriksjonar i aksellast. Tilsvarande tal for fylkesvegane er 45 prosent, og for riks- og europavegar 8 prosent. Rapporten konkluderer med ein årleg transportgevinst for skognæringa på 11,4 mill kr ved opprusting av flaskehalsar på alle kommunale vegar som var med i undersøkinga.

Industri og foredling

Kvaliteten på furuskogen i Møre og Romsdal er variert med mykje grove dimensjonar og kvistrikt virke. Frå gammalt av har skogen vore brukt til småskala foredling for lokalt bruk til båtbygging, tønner og fiskekassar, jarnbanesviller, husbygging m.m. Industrien har arbeidd med utvikling av produkt og marknadstilpassing av produksjonen, og dette har vore medverkande til at prisane på furu no er av dei høgaste i landet. Levering av tømmer til produksjon av royalimpregnering, lafteplank, villmarkspanel og plank til skipsdekk er døme på dette.

Møre og Romsdal er eit stort treforedlingsfylke. I 2005 hadde vi 123 bedrifter i fylket som arbeidde med tre og treprodukt. Totalt var det tilsett 1545 personar innan denne industrien. Då er ikkje møbelindustrien der stoffmøblar utgjer hovuddelen med. Store delar av trelasten som blir nytta i industrien, blir importert frå andre delar av landet og frå Sverige. Det er rekna med at om lag 100.000 m³ trelast blir importert til fylket kvart år.


Møre-Tre er eit reint furusagbruk og er det største i fylket med ein årleg forbruk av på 15.000 m³ furutømmer. I tillegg finst ei rekkje små og mellomstore sagbruk fordelt over heile fylket. I dag går massevirke av gran til Norske skog sin fabrikk på Skogn, mens skurtømmer blir eksportert til sagbruk i Trøndelag og til Tyskland.

I 2010 opna pelletsfabrikken Biowood Norway AS på Averøy. Fabrikken er ein av verdas største og har ein produksjonskapasitet på 450.000 tonn pellets. Dette gir eit virkesbehov på om lag 1.2 mill. m³. Produksjonen er basert på importert råstoff, men Biowood Norway har målsetting om å ta i bruk norsk virke på sikt.

Kystskogbruket har engasjert SINTEF til å utarbeide rapporten «[Transport av skogsvirke i Kyststrøk](#)». Rapporten gjer ein vurdering av behovet for framtidige virkesterminalar langs kysten og vil vere førande for kommande investeringar. Rapporten viser til at det vil vere økonomisk gunstig å renovere eller etablere inntil 60 tømmerkaier langs kysten frå Rogaland til Finnmark. Investeringskostnadene

er kalkulert til å vere om lag 300 mill. kr. Ved revidert statsbudsjett i 2012 ble det løyva 25 mill. kr til formålet.

Eigedomsstruktur




Møre og Romsdal er prega av å vere eit skogreisingsfylke med mange små eigedomar og stor teigdeling. Totalt er det registrert i underkant av 9.000 eigedommar med meir enn 25 dekar skog. Dei minste skogeigedommane finn vi i ytre og søre deler av fylket. Nordmørsregionen har langt sterkare skogbrukstradisjonar, og det er her vi finn dei største skogeigedomane.

Gjennomsnittleg eigedomsstorleik fordelt på kommune

Figur 40: Gjennomsnittleg eigedomsstorleik. Kjelde: Landsskogtakseringa.

Forynging


Når det gjeld forynging ser vi ei dreining mot at ein stadig større del av furuarealet blir markberedt og lagt ut til naturleg forynging. Dei siste to åra har dette snudd noko.



Figur 41: Markberedt areal i prosent av avverka furuareal. Kjelde: Skogfondsrekneskapen.

med auka avverking vil plantetalet stige framover.

Planting av gran etter hogst av lauvskog går tilbake. I sum gjer dette at talet på planter går ned. Ser vi bort frå 1923 har det ikkje vore sett ut færre plantar i skogbruket dei siste 100 åra enn det som var resultatet i 2005. Dette stabiliserte seg noko i 2006 med ein svak auke både for planting og for naturleg forynging. For 2007 har både planteaktivitet og markberedning auka ytterlegare. I takt



Figur 42: Utsette planter i Møre og Romsdal i perioden 1901-2010. Kjelde: Skogfondsrekneskapen.

Verdiskaping

Under arbeidet med [Melding om kystskogbruket](#) blei det gjennomført ei analyse av verdiskapinga i skogbruket og trebearbeidande industri. Undersøkinga er gjennomført av Høgskolen i Nord-Trøndelag (HINT).

	Skogbruk	Tre-/trevare	Treforedling	Sum	Møbel	Sum
Møre og Romsdal	90	536	127	753	3.969*	4.722

*) Produksjon av stoffmøbel er ikkje medrekna.

Tabell 3: Verdi av produksjon i skogbruk, tre og trevareindustri og treforedling i 2003 i mill. kr utan mva.

Den råstoffproduserande sektoren er langt på vei ein føresetnad for dei andre sektorane. Det er derfor interessant å merke seg at produksjonsverdiene i verdikjeda 9-doblast innan virket har passert trevare og treforedlingsindustrien og 15-doblast når møbel vert teke med.

I prosjektet Kystskogbruket er eitt av hovudmåla å styrkje rammevilkår, samhandling og verdiskapinga i den trebaserte verdikjeda. Møre og Romsdal Skognæringsforum er etablert med medlemmer i fylket frå denne verdikjeda og med betring av rammevilkår som sitt føremål. Skognæringsforumet er saman med dei andre skognæringsnettverka i kystfylka medlem av overbygginga Skognæringa Kyst.

Bruk av trevirke er klimavennleg og skognæringa i samarbeid med det offentlege har over fleire år vore aktivt med i mange prosjekt: Etablering av tredrivaren, råvareanalysa, BB2012,

Verdsarvbustaden, utbygging av Rindal sentrum m.m er døme på det. TreSenteret i Trondheim har høg kompetanse på dette området.

Del II

Kva er dei viktigaste utfordringane for landbruket i Møre og Romsdal?

Landbruket er ei næring som skal oppfylle mange samfunnsmessige mål i tillegg til det å produsere mat. Fleire av måla i landbrukspolitikken kan lett komme i innbyrdes konflikt med kvarandre. Utfordringa blir dermed å finne ein balanse mellom desse måla. For skogbruket sin del er dette utdjupa i målkapitlet og handlingsdelen i Strategiplan for Skogbruket i Møre og Romsdal.

Sett på bakgrunn av statistikk og utviklingstrekk, kan utfordringane for landbruket i Møre og Romsdal oppsummerast på følgjande måte:

A. Utvikle mjølkeproduksjonen og auke kjøtproduksjonen på storfe og småfe

- **Strukturendringar:** Den sterke strukturendringa i mjølkeproduksjonen kan bidra til å gjere mjølkeproduksjonen meir kostnadseffektiv, men samtidig kan dette kome i konflikt med andre mål som beitekrav og aktivt landbruk over heile fylket. Topografi og eigedomsstruktur er ikkje tilpassa så arealkrevjande produksjonar som storskala mjølkeproduksjon, og det kan tenkjast at mange i vårt fylke får betydelege konkurranseulempesamanlikna med dei mest sentrale jordbruksområda
- **Beiting og mosjon:** Beiting og mosjon er viktig for dyrehelsa, og indirekte også for omdømmet til landbruket. Samtidig er det klart utfordrande at dagleg beiting ikkje er lett foreinleg med store driftseiningar, robotteknologi og høg yting. Regelverket rundt mosjonskravet er eitt av fleire eksempel på at ideelle omsyn og den praktiske kvardagen ikkje alltid møtest
- **Investeringsbehov:** Mjølkeproduksjon er langsiktig og kapitalkrevjande. Som konsekvens av strukturelle endringar og ny teknologi har investeringane i ei «typisk driftsbygning» gått kraftig opp og større husdyrbygningar har ofte ein prislapp på over 10 millionar kroner. Det er eit stort udekt investeringsbehov i næringa, og oppfylling av ambisjonar om produksjonsmål er avhengige av tilgang på nok kapital til vilkår næringa kan leve med
- **Produksjonsauke:** Dei nasjonale ambisjonane går ut på å løfte matproduksjonen med 20 prosent før 2030. Mjølkeproduksjonen utgjer ein så stor del av lokal jordbruksproduksjon at ambisjonsnivået må minst samsvare med dei nasjonale måla. Vedlikehald av produksjonsapparatet er kostnadskrevjande, og markert auke i volum vil kreve betydelege meirinvesteringar. Dette betyr i praksis at mjølkeproduksjonen vil legge beslag på ein vesentleg del av dei bedriftsretta utviklingsmidla

- **Spesialisering av storfekjøttproduksjon:** Det har vore betydeleg underdekning av norsk storfekjøtt i marknaden, og det er så absolutt rom for å auke innanlandsk produksjon. Fylket har i liten grad teke del i auken i produksjon av storfekjøtt og lammekjøtt. Færre kyr gir færre kalvar, og auken i kjøttproduksjonen må derfor i stor grad kome som spesialisert kjøttproduksjon (ammekyr). Det er generelt eit stort behov for å effektivisere og profesjonalisere produksjonen av storfekjøtt
- **Økologisk produksjon:** Produksjonen av økoprodukt ligg rundt 4 – 5 prosent av totalvolumet, men berre ein liten del av dette når butikkhyllene som økologiske varer. Det synest vanskeleg å heve produksjonsvolumet av økologiske råvarer så lenge marknaden ikkje etterspør produkta.

B. Halde landbruksareala og kulturlandskapet i hevd, auke beitebruken og produsere fôr av god kvalitet

- **Avgang av jordbruksareal:** Den største avgangen av jordbruksareal skjer ved at areal i drift vert teke ut av bruk og ikkje vert vedlikehalde. Årsaker til dette kan vere at arealet er dårleg arrondert, er bratt, ligg avsides til, gir dårleg avling på grunn av dårleg jordsmonn eller at jorda er vassjuk
- **Mindre beiting i utmark:** Bruken av utmarksbeite har gått ned dei siste åra. Bruken av innmarksbeite viser ein liten auke. Årsakene til nedgangen i bruken av utmarksbeite er fleire: Nedgang i dyretal, meir ledig innmark, sjukdomsproblematikk, problem med rovvilt, dårlege gjerde og uklare ansvarstilhøve om gjerdeplikt. Konsekvensar av manglande beiting er mellom anna gjengroing, tap av biologisk mangfald og tap av fôrressursar
- **Stor andel leigejord:** Møre og Romsdal er av fylka som har den største delen leigejord – nesten 50 prosent. På mange gardsbruk er det meir leigd jord enn eigd jord. Leigd jord vert dårlegare vedlikehalde. Dette reduserer kvaliteten på areala (manglande grøfting og vedlikehald av hydrotekniske anlegg, manglande kalking). Leigd jord går lettare ut av bruk
- **Omdisponering av jord:** Møre og Romsdal er mellom dei fylka med mest omdisponering av dyrka jord pr år. Landbruket er heilt avhengig av å ha eit visst ressursgrunnlag for si drift, og ikkje minst for å kunne våge å investere i framtida
- **Klima:** Klimagassutsleppa frå jordbruket kan reduserast på fleire måtar, mellom anna ved å unngå spreieing av husdyrgjødsel seint i vekstsesongen, unngå avrenning frå jordbruksareal og tekniske anlegg og manglande vedlikehald av jordbruksareal. Landbruket sit elles med nøkkelen til fleire klimaløysingar, ikkje minst gjennom produksjon av biogass frå husdyrgjødsel og produksjon av energi frå trevirke

C. Stimulere produksjonsmiljø og kvalitet, samarbeid og innovasjon

- **Utvikling av Bioforsk Økologisk:** Møre og Romsdal har få forskingsinstitusjonar som er relevant for landbruket. Bioforsk Økologisk er vårt viktigaste forankringspunkt opp mot FOU-

miljøa, og betydninga av institusjonen går langt utover rolla som kompetanseorgan på økologisk landbruk. Bioforsk Økologisk kan spele ei langt større rolle for lokalt landbruk på mange område som t.d. planteproduksjon, hydroteknikk og dyrehelse

- **Betre grovfôr:** Konkurranseskraft og utviklingsmoglegheiter i husdyrproduksjonane er nært knytt til godt grovfôr. Meir og betre grovfôr er viktige føresetnader for å løfte mjølkeproduksjonen
- **Betre informasjonsflyt:** FoU-institusjonane kan bli langt betre enn i dag til å formidle relevant kunnskap til næring og rådgjevingsteneste. Dette går på strategiar for målretta formidling av kompetanse, men det går også på å utvikle arenaer for samarbeid med rådgjevingstenesta
- **Samordning av rådgiving:** Rådgjevingstenesta har dei siste åra blitt profesjonalisert og utvida, og tilbyr kompetanse og tenester på eit breitt spekter frå produksjonsfagleg rådgiving til bygningsteknisk planlegging og økonomiske analyser. Der er framleis eit stort potensiale for samordning
- **Styrke sterke fagmiljø og klynger:** Fylket har sterke klynger innanfor grøntsektoren. Utfordringa er mellom anna å styrke kompetanse og fagmiljøa og bidra til å halde oppe ein høg fagleg kvalitet
- **Landbruket som energileverandør:** Etablere effektive og lønsame verdikjeder for produksjon av skogsflis til brensel. Ei utfordring er å auke marknadsandelane for bioenergi
- **Auka bruk av tre:** Trevirke kan erstatte byggemateriale som stål og betong. For å få til større bruk av tre, er det nødvendig å auke kompetansen om bruk av tre som byggematerial, både hos planleggarar, entreprenørar og i trenæringa

D. Rekruttering, kompetanse- og omdømmebygging for landbruksnæringa

- **Omdømme:** Rekruttering til landbruksnæringa, både til landbruksutdanning og bondeyrket, heng nøye saman med omdømmet til landbruksnæringa, og vilkåra for dei landbruksbaserte næringane. Dersom lønsemda og velferdsordningane ikkje er gode nok, vil andre kvalitetar ved yrket ofte kome i bakgrunnen. Dette er sentralpolitiske tema som også må vektleggast lokalt
- **Konkurransen med anna næringsliv:** Konkurransen med anna næringsliv om arbeidskrafta er heilt klart utfordrande. Landbruket må vere basert på økonomisk og biologisk berekraft. I dette ligg konkurransedyktig inntektsnivå og oppfylling av kriterium knytt til produksjonsgrunnlag og miljø
- **Auka rekruttering:** For å nå målsetjinga om auka landbruksproduksjon den neste 20-årsperioden, er det avgjerande å ha stort og breitt fokus på rekruttering. Dei viktigaste rekrutteringstiltaka er konkurransedyktig inntekt, investeringsmidlar med rekrutteringseffekt og positiv omtale av næringa frå familie og opinionsdannarar. Dagens samla rammevilkår med låg forventa inntekt, avgrensa investeringsmidlar, svake sosiale ordningar og kostnadsdrivande regelverk for dei som driv næring, er ikkje

konkurransedyktige. I dag er det gjerne meir lønsamt å selje garden til andre føremål enn å omsetje gardsbruk i drift

- **Kompetanseintensiv næring:** Dei med landbruksfagleg utdanning planlegg i større grad produksjonsauke og auka arbeidsinnsats på bruket enn dei som ikkje har landbruksfagleg utdanning. Det løner seg å bygge kompetanse

E. Variert verdiskaping – større utnytting av garden sine ressursar

- **Større andel av verdikjedene:** Utan eit sterkt tradisjonelt jordbruk fell også grunnlaget for å etablere bygdenæringar bort. Ved vidareforedling av garden sine ressursar kan bonden få ein større andel av verdiskapinga. Produksjonane er gjerne arbeidskrevjande, krev den rette kompetansen og set strenge krav i forhold til lokalt særpreg og spesielle kvalitetar
- **Turisme:** Bygdeturisme har potensiale til vekst og auka lønsemd, men har samtidig lett for å bli usynleg mellom dei store reiselivsaktørane. Landbruket er kulturberar og leverer viktige bidrag i form av opne landskap og velstelte bygder, men så langt har altfor lite av inntektene kome næringa direkte til gode. Bygdeturismen har mykje å vinne på å utvikle samarbeidet med profesjonelle marknadsaktørar, slik at produkta blir meir målretta og marknadsføringa meir effektiv
- **Sal av tenester:** Inn på tunet (IPT) har vekstpotensiale og kan vere eit godt tilbod til mange brukargrupper. Hovudproblemet her er at IPT som næring er avhengig av kommunal sektor som kjøpar. Stram kommuneøkonomi og «konkurrans» mot etablerte interntenester kan vere utfordrande. Ein viktig del av grunnlaget for IPT-tenester er god kvalitetssikring og eit grundig kontroll- og tilsynsregime
- **Lokal mat:** Lokale matspesialitetar skal vere basert på identitet, opphav og lokalt særpreg. For å kunne ta ut meirpris må produkta tilførast verdiar som historie, geografisk tilknytning, personifisering og identifisering av produsentane
- **Trevirke:** Møre og Romsdal er framleis i startgropa når det gjeld hausting av gran. Manglande eller lite rasjonelle skogsvegnett og flaskehalsar på det offentlege vegnettet gjer det vanskeleg å hauste desse skogressursane. Utbygging av virkesterminalar ved kai vil vere viktig for effektiv transport av tømmer til kundar. Hausting av skogreisings-skogen på mange små eigedommar, ofte med passive skogeigarar, er ei stor utfordring for som krev auka satsing i rettleiingsapparatet
- **Bygdeservice:** : Bygdeserviceforetak står for betydeleg verdiskaping i deler av fylket. Innafor dette feltet er det stort vekstpotensiale.

Del III:

Hovudmål for landbruket i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal skal ha eit berekraftig og synleg landbruk over heile fylket.

Dette inneber:

- **å auke mat-, trevirke-, energi- og tenesteproduksjon minst i takt med etterspurnaden.
Auken skal i størst mogleg grad vere basert på lokale ressursar**
- **beredskap gjennom trygg produksjon av landbruksvarer**
- **rammevilkår som sikrar inntekt og rekruttering**
- **eit mangfald av produksjonar og bruksstrukturar**
- **å sikre produksjonsgrunnlaget, både areal og menneskelege ressursar**
- **å styrke produksjonsmiljø og klynger**

Del IV:

Mål og tiltak

1. Vern av produksjonsgrunnlaget

Vern av arealressursane er ein føresetnad for å auke matproduksjonen, ta vare på landbruket i heile fylket og sikre ein matproduksjon basert på norske ressursar. Kulturlandskapet er i tillegg viktig som rekreasjon, reiselivsmål, kulturberar og som leveområde for plantar og dyr.

Avgangen av dyrka jord har sin årsak i både nedlegging av bruk og nedbygging. Utfordringa for å oppretthalde tilstrekkeleg matproduksjonspotensial ligg i å avgrense nedbygging i sentrale strok og gjengroing i distrikta. Dette krev nye verkemiddel for eit forsterka jordvern og ansvarleggjering av kommunane som skal følgje opp. Tiltaka må vere utforma slik at alt jordbruksareal vert halde i aktiv bruk. Regionalt miljøprogram er det viktigaste verktøyet for å ta vare på særlege miljøverdiar i jordbruket.

Mål: Ta vare på jordbruket sitt produksjonsareal og kulturlandskap.

Tiltak	Ansvar
Politikarskule om jordvern: Innføre systematisk opplæring for å auke forståinga for regelverket som skal ta vare på landbruket sine produksjonsareal (jordlov, plan- og bygningslova, konsesjonslova).	Fylkesmannen Kommunane
Hindre avgang av dyrkajord: Erstatte omdisponerte areal med nydyrking. Arbeide for å hindre fragmentering av jordbruksareal og omdisponering av dyrkamark.	Fylkesmannen Kommunane
Handheving av driveplikta: Oppfordre kommunane til å handheve driveplikta, men med fokus på å få til minnelege løysingar og drive aktivt arbeid for å finne leigetakarar/kjøparar.	Fylkesmannen Kommunane
Synleggjering av verdien av jordressursane i kommunale planar: Nytte omsynssone landbruk i plansamanheng og gjennom lange utbyggingstrategiar trekke klare grenser mot jordbruksareal.	Fylkesmannen Fylkeskommunen Kommunane
Høg arealutnytting: Ved utarbeiding av regional delplan for senterstruktur, må det ved omdisponering av dyrkamark lagast føresegner for høgast mogleg utnytting av arealet.	Fylkeskommunen
Sikre utvalde naturtypar i jordbruket sine produksjonsareal: Få til god skjøtsel av utvalde naturtypar og andre viktige naturtypar (t.d. slåttemark) gjennom bruk av tilskotsordningar.	Fylkesmannen Landbruksorganisasjonane Direktoratet for naturforvaltning
Biologisk mangfald: Hindre gjengroing av prioriterte landskap. Framleis satsing på prosjekta med verdifulle kulturlandskap i øvre Sunndal og Geiranger.	Fylkesmannen Fylkeskommunen Kommunane
Avgrense tap av plante- og dyreartar i landbruksområde: Vidareutvikle ordningar med kompensasjon for å ta omsyn til truga artar. Tiltak kan	Fylkesmannen Kommunane

vere for eksempel viltvennleg slått.

Utvikle Regionalt miljøprogram: Stimulere til drift på marginale jordbruksareal. Vidareføre støtte til seterdrift. Vurdere differensierte satsar der særleg verdifulle kulturlandskap får ekstra støtte.

Fylkesmannen
Landbruksorganisasjonane

2. Beiting

Fylket har store unyttta beiteressursar, både i inn- og utmark. Bruken av utmarksbeite har gått ned dei siste åra, medan bruken av innmarksbeite viser ein liten auke. Årsakene til nedgangen i bruken av utmarksbeite er fleire: Dyretalet har gått ned, samstundes som det er meir ledig innmark. I mange område i fylket er det problem med sjukdom og rovdyrskade på beite. Dårlege gjerde og uklare ansvarstilhøve om gjerdeplikt kan gjere det vanskeleg å få til ønska beiting.

Konsekvensar av manglande beiting er mellom anna gjengroing, tap av biologisk mangfald og tap av fôrressursar.

Målet om meir bruk av beite generelt og utmarksbeite spesielt kan ein oppnå på to måtar, anten ved å ha fleire dyr på beite eller å auke beitetida med det eksisterande dyretalet.

Mål: Beitebruken i Møre og Romsdal skal aukast, målt i tal dyr og i areal.

Tiltak	Ansvar
Auka beiting: Kartlegge beitearealet i kommunane for å utnytte beiteressursane betre, både på inn- og utmark. Innføre tilskott til kommunane og faglagar for å kartlegge beiteressursane og fremje samarbeidsløysingar lokalt. I planlegging ved til dømes byggefelt og hyttefelt, må det stillast krav om gjerding mot utmarka.	Fylkesmannen Landbruksorganisasjonane Kommunane Jordskifteretten
Kartlegging av verdifulle beite: Gjennomføre forprosjekt for å ta i bruk verdifulle beite og auke beitebruken.	Fylkesmannen Bioforsk
Auke rydding og beitebruk som skjøtseltiltak: Bruke beitedyr til skjøtsel av verneområde og utvalde naturtypar. Etablere beitepatruljeordningar. Kan kombinerast med vegetasjonsrydding.	Fylkesmannen Kommunane Landbruksorganisasjonane Statens naturoppsyn
Auka satsing på gjerding: Auke tilskottet til gjerding, særleg beiting for storfe. Vidareføre arbeidet med utvikling av nye former for gjerdemateriell.	Fylkesmannen Kommunane Innovasjon Norge Norsk Landbruksrådgiving
Beiting og dyrevelferd: Redusere tapa som følgje av beiterelatert sjukdom (eksempel flåttborne sjukdommar, parasittar osv.).	Norsk Landbruksrådgiving Mattilsynet Bioforsk Fylkesmannen
Vidareføre ordninga med førebyggjande og konfliktdempjande tiltak i småfehaldet: Prioritere førebyggjande arbeid for å hindre rovdyrskade	Fylkesmannen Kommunane Møre og Romsdal sau og geit

3. Klima og miljø

Landbruket vert både påverka av klimaendringar og er sjølv ei kjelde for utslepp av klimagassar. Samtidig er landbruket ein del av løysinga på klimautfordringane gjennom produksjon av fornybar energi og ved lagring av karbon. I St. meld. nr. 21 (2011-2012) *Norsk klimapolitikk* og i St.meld. nr. 39 (2008–2009) *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen* er det sett konkrete mål for korleis landbruket skal redusere klimautsleppa sine. Utfordringane for dei to sektorane skogbruk og jordbruk er ulike. For jordbruk handlar det om reduksjon i utslepp av metangass og lystgass i tillegg til auka karbonlagring – for skogbruk handlar det meir om skogen som verkemiddel for omlegging av energibruken. Påverknad frå jordbruk dreiar seg først og fremst om avrenning av næringsstoffa nitrogen og fosfor, og det er dei minste vatna og vassdraga som vert mest påverka. Enkeltår med store nedbørsmengder kan gi særleg stor utvasking av næringsstoff.

Mål: Møre og Romsdal skal arbeide for å nå nasjonale mål om klimagassreduksjonar og tap av næringsstoff frå landbruket.

Tiltak	Ansvar
Redusert utslepp av lystgass frå jordbruket: Auka fokus på gjødslingspraksis, betre drenering og miljøplanar for kvart einskild gardsbruk.	Fylkesmannen Kommunane Landbruksorganisasjonane
Betre drenering: Heve kompetansen om drenering, både hos bønder og i rettleiingsapparatet	Fylkesmannen Kommunane Norsk landbruksrådgiving
Redusert utslepp av metangass frå jordbruket: Hauste erfaringar frå pilotanlegget for biogass på Tingvoll. Kartlegge potensialet for bruken av husdyrgjødsel i biogassanlegg i Møre og Romsdal. Vurdere bruk av bioresten frå biogassanlegg. Rådgjeving og informasjon om spreiding av husdyrgjødsel.	Fylkeskommunen Fylkesmannen Kommunane Næringslivet Landbruksorganisasjonane
Redusert bruk av fossile energikjelder i jordbruket: Auka utnytting av bioenergi til vassboren varmeenergi. Redusert transport.	Fylkesmannen Fylkeskommunen
Auka kunnskap om klimagassutslepp frå jordbruket: Fokus på god agronomi for reduksjon av klimagassar. Opprette prosjekt i samarbeid med faginstusjonar for formidling av kunnskap.	Fylkesmannen Landbruksorganisasjonane
Redusere utslepp av klimagassen CO₂ ved nydyrking: Bruke teknikkar som minimerer utslepp, t.d. omgraving av myr.	Fylkesmannen Kommunane SLF Landbruksforskninga
Tilpassing til klimaendringar: Auka kunnskap om drenering, meir tilpassa gjødsling, fangdammar og redusert jordarbeiding.	Fylkesmannen Landbruksorganisasjonane
Auka binding av CO₂ i skog: Auke karbonopptaket i skog ved ei aktiv skogforvaltning, jf Meld. St. nr. 21, kap. 9	Fylkesmannen
Tre som bygningsmaterial: Auka bruk av treprodukt til substituering av andre energikrevjande material som til dømes stål og betong.	Fylkesmannen
Bioenergi: Stimulere til ein auke i flisproduksjonen. Auka bruk av tilgjengeleg virke frå rydding på gjengroingsareal og rydding/pleiing i leplantingar/lebelte til bioenergiproduksjon.	Fylkesmannen Fylkeskommunen

Opprette fleire pilotanlegg i offentlege bygg.	
Avrenning frå landbruksareal: Legge til rette for redusert erosjon og avrenning av nærings salt t.d. gjennom etablering av fangdammar og kantvegetasjon. Bidra til å oppnå målsetjingane i vassdirektivet om god økologisk tilstand.	Fylkesmannen Fylkeskommunen
Meir effektiv utnytting av næringsstoffa i husdyrgjødsel: Investeringstøtte til bygging av større gjødsellager – unngå haustspreiing. Auke lagerkapasiteten i opne kummar. Arbeide for å redusere luktulempar.	Fylkesmannen Kommunane
Kulturminne og kulturmiljø: Tettare samarbeid mellom kulturminneforvaltninga og landbrukssektoren for å ta vare på bygningane i landbruket. Arbeide for betre støtteordningar for brukarar med verneverdige bygningar.	Fylkesmannen Fylkeskommunen Kommunane

4. Landbruket sitt omdømme

Møre og Romsdal fylkeskommune har i regionreforma fått utvida ansvar for areal og samfunnsplanlegging, for næringsutvikling, og for råd til sentralt hald om landbrukspolitikken.

Det er eit prioritert mål for landbruksnæringa å bli meir synleg i samfunnsbiletet som ein viktig næring som leverer ei rekkje samfunnsgode i tillegg til mat og trevirke.

Alle som jobbar i og for landbruket har ansvar for å bringe fram dei gode sakene offentleg og i media. Ein viktig del av strategien er å vise fram dei mange yngre som satsar i mange bygdelag og som møter stor interesse hos media, politikarar og folk flest.

Mål: Landbruket i Møre og Romsdal er vurdert som ei viktig næring i fylket.

Tiltak	Ansvar
Satsing på næringa: Landbruksmeldinga, regional plan og den årlege næringsstrategien må utfordre til politisk. Det må verte eit politisk fokus på dei samla rammevilkåra.	Fylkeskommunen Fylkesmannen Fagлага Innovasjon Norge
Synleg næring: Næringa må verte meir synleg i samfunnsbiletet for å gi folk flest positiv forståing for næringa og verdien av lokale norske produkt. Landbruket må skaffe seg fleire alliansepartnarar.	Landbruksorganisasjonane Fylkesmannen Kommunane Fylkeskommunen Innovasjon Norge
Kortreiste produkt: Inspirere til at folk flest, bedrifter og institusjonar føretrekkjer bruk av lokale norske produkt.	Landbruksorganisasjonane Fylkesmannen Innovasjon Norge
Ungdom vel bondeyrket: Vise ulike moglegheiter i yrket og ved landbruksutdanning. Presentere næringa som livsviktig og	Fagлага Fylkeskommunen

miljøskapande og framtidsretta del av lokalt næringsliv.	Gjermundnes VGS
Møteplassar: Skape og delta på felles møteplassar for landbruk og bygdenæringar, som Matfestivalen og Dyregoddagane.	Fylkeskommunen Fylkesmannen Landbruksorganisasjonane
Informasjonsmateriell om landbruket: Presentasjon av fakta med illustrasjonar om landbruket i fylket og kommunane årleg oppdatert tilgjengeleg på nettside.	Fylkesmannen Fylkeskommunen Landbruksorganisasjonane
Valfag landbruk: Setje i gang prøveprosjekt med valfag landbruk (omfattar også skogbruk) i ungdomsskulen.	Fylkesmannen Fylkeskommunen Gjermundnes VGS

5. Rekruttering

Rekruttering til landbruksnæringa heng nøye saman med omdømmet til landbruksnæringa og vilkåra for dei landbruksbaserte næringane. Dersom lønsemda og velferdsordningane ikkje er gode nok, vil rekrutteringa svikte.

Det er eit mål å få til tidlegare generasjonsskifte på gardane – dette krev fornuftige pensjonsordningar og fokus på ny verksemd på garden for dei som sel garden. For å gjere landbruksutdanninga meir attraktiv for ungdom, kan det vere tenleg med eit tettare samarbeid med landbruksnæringa regionalt når det gjeld å utvikle og tilby undervisningsopplegg i tråd med kompetansen som vert etterspurd i næringa.

Det må utviklast målretta tilbod for å auke kunnskapsnivå, kompetanse og kvalitet innanfor landbruket.

Det må utviklast målretta tilbod for å oppretthalde og vidareutvikle (auke) kunnskapsnivå, kompetanse og kvalitet innafor landbruket. Dette er også viktig for kontinuiteten i næringa, ved at kunnskap gjev godt grunnlag for retningsval og vidareutvikling, og kan medverke til at generasjonsskifte blir vellukka.

Mål: Auke rekrutteringa av både kvinner og menn til landbruket. Eigarskifte bør sikre vidare drift.

Tiltak	Ansvar
Gjere landbruket synleg: Betre synleggjering av kvalitetane i bondeyrket, «framsnakking» av landbruksnæringa, synleggjering av gode eksempel, avisartiklar, mediedekning osv. for å heve statusen til bondeyrket.	Fylkesmannen Fylkeskommunen Landbruksorganisasjonane
Eigedomsoverdraging: Nytenking for å vidareføre drifta på aktive gardsbruk. Rådgjeving/samtalepartnar om økonomiske og juridiske forhold i samband med eigedomsal.	Bondelaget Fylkesmannen Fylkeskommunen Kommunane
Fokus på kvinner som driv gard: Auke talet på kvinnelege brukarar.	Faglaga

	Bygdeungdomslaget Bygdekvinnelaget
Bruken av investeringsmidlar: Vidareføre ordninga med etableringstilskott ved eigarskifte.	Fylkesmannen Innovasjon Norge
Tiltak for nye brukarar: Kommunebesøk til alle nye brukarar. Kurs for nye bønder. Mentor-/fadder-ordning. Organisert lokalt nettverk av yrkesbrøyr som kan vere praktiske rådgjevarar.	Landbruksorganisasjonane
Fokus på bygdenæringar ved generasjons- og eigarskifte: Vekt på moglegheiter for å starte nye verksemder på garden (ledige landbruksbygg, haustbare vilt- og fiskeressurser, fallrettar, skogressurser, Inn på tunet, lokal mat osv.)	Kommunane/hoppid.no Fylkesmannen Landbruksorganisasjonane
Gode tilbod for born i barnehagar og skular: Tilrettelagte landbruksrelaterte prosjekt i barnehagar og skular (til dømes skulehagar, besøkgardar, skuleskogdagar, styrking av 4H-arbeidet, gründercampar).	Fylkesmannen Kommunane
Gode velferdsordningar for bønder: Betre tilgang på avløyssarar – betre opplæring. Betre finansiering av velferdsordningane. Betre kontakt mellom landbruksskular og formidlarar av avløyssarar. Aktiv rekruttering i skulen og VG1. Avløyssarkurs retta mot innvandrarar.	Fylkeskommune v Gjermundnes VGS Fylkesmannen

6. Utdanning og kompetanse

6.1 Landbruksutdanning

Landbruket har behov for både spesialkompetanse for bedriftsleiing og grunnkompetanse for personar som søker arbeid i landbruksnæringa. Begge desse behova må dekkjast gjennom Gjermundnes VGS. Basistilbodet skal vere eit treårig løp som gir agronomutdanning med høve til å skaffe seg studikompetanse. I tillegg til dette må det utviklast tilbod til personar som kjem inn i landbruksnæringa i vaksen alder, og til personar som vil kvalifisere seg for arbeid i landbruket. Både skulen og næringa har gevinst av at tilboda blir synleggjort, og at skulen blir markert tydelegare som nav i kompetansearbeidet.

Naturbruksskulane opplever auka etterspørsel etter skreddarsydde tilbod for brukarar i vaksen alder, og som kan gjennomførast ut frå dei krav og forventningar som den enkelte står ovanfor i eiga bedrift. Fleire naturbruksskular tilbyr komprimert agronom- og/eller gartnarutdanning tilrettelagt for vaksne i form av heiltidsutdanning på dagtid, nettbasert utdanning, kveldsundervisning og helgesamlingar. Det kan også vere behov for kortare «lynkurs» eller oppstartskurs for dei som treng ei generell innføring ved overtaking av gardsbruk i vaksen alder.

Etter- og vidareutdanningstilbod må tilretteleggast for livssituasjonen til vaksne i landbruket. Innanfor landbruksfaga er det derfor særleg viktig i større grad å ta i bruk fleksible læringsformer, slik at studentar får tilgang til relevant utdanning uavhengig av tid, stad og livssituasjon.

Læreplanane er fleksible, og ein kan tilpasse undervisningstilbodet til lokale og regionale behov. Vidaregåande skule med studiespesialisering innan naturbruk bør vektleggast tyngre i marknadsføringa av skulen

Mål: Sikre grunn- og vidareutdanning i landbruket gjennom skreddarsydd og fleksible utdanningstilbod

Tiltak	Ansvar
Gjere landbruksutdanninga kjend: Marknadsføring av landbruksutdanninga gjennom skulebesøk og tydeleg informasjon til rådgjevarar i ungdomsskulane. Årleg rådgivarkonferanse og produksjon av skriftleg materiale. Nytte naturlege arenaer for marknadsføring, t.d. Dyregoddagane i Gjemnes.	Fylkeskommunen Prosjektet «Velg landbruk» Prosjektet «Velg skog» Gjermundnes vgs.

6.2 Realkompetanse og rådgiving

Mange kjem i vaksen alder inn i landbruksnæringa og har behov for målretta landbrukskompetanse. Vidare er det behov for kurs i tema som etablerte bønder etterspør.

Det er stort – og aukande – behov for personar som er kvalifisert til å ta arbeid i landbruket, kanskje særleg som avløyser eller som tilsett i større husdyrhald. Mjølkeproduksjonen er kompetansekreivjande, og dagleg ansvar gir utfordringar på m.a. ernæring, dyrehelse og tekniske innretningar som mjølkerobot. Landbruksnæringa må ha kvalifisert arbeidskraft, og Gjermundnes kan fylle denne rolla. For denne type opplæring skal det lagast opplæring med 6 eller inntil 12 mnd tidsramme, og deltakarane skal etter opplæring ha grunnkompetanse til å ta ansvar for dyrestell.

Kommunane har ei viktig rolle i formidling av landbrukskompetanse. Det er viktig å styrke den kommunale landbruksforvaltninga.

Mål: Tilby allsidig kompetanseutvikling som dekkjer alle sider ved landbruksdrifta.

Tiltak	Ansvar
Betre samordning: Stimulere til betre samordning og betre tilbod av rådgivingstenester: <ul style="list-style-type: none">• Samle all info om kompetansehevande tiltak på ein stad• Legge til rette for auka bruk av nettbasert opplæring• Arrangere fagturar	Fylkeskommunen Bioforsk Norsk Landbruksrådgiving Bondelaget Bonde- og småbrukarlaget Hoppid.no Innovasjon Norge Kommunane
«Landbruksakademiet:» Tilby spissa kurs av kort varigheit til praktisk landbruk.	Fylkeskommunen Landbruksorganisasjonane Innovasjon Norge
Landbruksutdanning for vaksne: Tilbod til personar som kjem inn i landbruksnæringa i vaksen alder.	Fylkeskommunen Landbruksorganisasjonane
Kvalifikasjon: Kurs som kvalifiserar til arbeid i landbruket. Tidsramme 6 – 12 mnd for kvart kurs.	Fylkeskommunen Landbruksorganisasjonane

7. Forsking og utvikling

Landbruket er ei kompetanseintensiv næring, med openbart potensiale i å utvikle samarbeidet mellom næring, rådgjevingsapparat, forvaltning og forskning og utvikling (FoU). Landbruksnæringa er kompleks og samansett, med viktige faglege utfordringar over heile verdikjeda.

Landbruksproduksjon er i høgste grad geografisk relatert, og i mange samanhengar må FoU-arbeid relaterast til lokale eller regionale forhold.

Dersom lokalt landbruk skal dra meir nytte av FoU-ressursane, må samarbeidet rundt desse punkta utviklast:

- Identifisere viktige utfordringar og synleggjere behov for ny kunnskap
- Prioritere mellom tiltaka - næringa bør stå mest mogleg samla bak prioriteringane
- Arbeide opp mot institusjonane og forskingsfinansiering for å realisere prioriterte tiltak
- Arbeide for å gjere kunnskap frå FoU-aktivitet meir tilgjengeleg for det praktiske landbruket

FoU-miljøa har mykje å tilføre praktisk landbruk. For primærjordbruket er Universitetet for miljø- og biovitenskap, Norsk Institutt for landbruksøkonomisk forskning og Bioforsk dei viktigaste aktørane. I tillegg til desse arbeider fleire institusjonar opp mot tema som landbruk og samfunn, matteknologi eller bygningsteknisk forskning.

Møre og Romsdal har få institusjonar som arbeider med forskning som er relevant for landbruk. Bioforsk Økologisk er vårt viktigaste forankringspunkt opp mot FoU-miljøa, og betydninga av institusjonen går langt utover rolla som kompetanseorgan på økologisk landbruk. For lokalt landbruk er det derfor viktig at Bioforsk Økologisk får utvikle seg, og at vi kan halde oppe samarbeidet på mange område som t.d. planteproduksjon, husdyrgjødsel, hydroteknikk og dyrehelse.

Mål: Styrke samarbeid mellom landbruksnæringa og forskinga

Tiltak	Ansvarleg
Skape møteplassar: Det må etablerast faste møteplassar for forskingsmiljø og næring. Aktørar i landbruket må saman bidra i formulering av kunnskapsbehov og finansiering. Arrangere ei årleg samling for forskingsmiljøa, rettleiingstenesta i landbruket, utdanning og offentleg landbruksforvaltning.	Fylkeskommunen Fylkesmannen Bioforsk Rettleiingstenesta Innovasjon Norge

8. Husdyrproduksjonane

Den nasjonale landbruksmeldinga tek utgangspunkt i at folketalet vil auke med 20 prosent innan 2030. Det er først og fremst innanfor husdyrproduksjonane at Møre og Romsdal kan ta sin del av denne auken. Tre tusen gardsbruk i drift er grunnmuren i lokal næringsverksemd og økonomi. Import av meir mat gir ikkje landskap og miljø, arbeidsplassar og busetting i vårt distrikt. Hovudmålet

inneber mellom anna at Møre og Romsdal skal auke matproduksjonen minst i takt med etterspurnaden. For dei ulike husdyrproduksjonane er det sett ambisjonar om prosentvis auke. Auke i produksjonen må til eikvar tid vurderast opp mot marknadssituasjonen.

8.1 Mjølkeproduksjon

Mjølkeproduksjonen er totalt dominerande driftsgrein i Møre og Romsdal. Dette kan lesast av produksjons- og omsetningstal, men det blir også spegla i sysselsetting, arealbruk og investeringsbehov. Talet på mjølkeprodusentar har gått jamt nedover gjennom mange år, og kom i 2012 under 1000. Ein vesentleg del av nedgangen i brukstal er ein konsekvens av strukturendringar og m.a. organisering av samarbeidstiltak. Sysselsettinga i produksjonen har gått – og går – sterkt ned, medan produksjonen viser berre ein liten nedgang. Positiv utvikling av mjølkeproduksjonen er nøkkelen til vekst i lokalt jordbruk. Her er eit betydelig potensiale for å auke produksjonen. Betre kvalitet på lokalt produsert fôr er ein viktig nøkkel for større avdrått og større totalproduksjon.

Mål: Mjølkeproduksjonen skal auke med 20 prosent fram mot 2030. Produksjonen skal vere økonomisk og miljømessig berekraftig og vere basert på mest mogleg bruk av lokale ressursar

Tiltak	Ansvar
Kapitalbehov: Sikre nødvendige midlar til investeringar. Tilby rådgiving før og undervegs i investeringsperioden.	Innovasjon Norge Fylkesmannen Landbruksorganisasjonane
Mjølkeproduksjon som berebjelke og verdiskapar: Sikre ein variert struktur i mjølkeproduksjonen. Nedfelle konkrete mål i Regional næringsstrategi.	Fylkesmannen Fylkeskommunen Innovasjon Norge Faglaga
Betre kvalitet på grovfôret: Følgje opp prosjektet «Fordyrking – Best på fôr» – med sikte på å betre fôrkvaliteten.	Norsk Landbruksrådgiving Tine Fylkesmannen
Bygge kompetanse i mjølkeproduksjonen: Halde produksjonsfagleg rådgjeving på eit høgt nivå. Arbeide for høgare yting. Vidareføre vegvalsrådgiving.	Tine Norsk Landbruksrådgiving
Dyrehelse: Behalde og forbetre den gode dyrehelsa i mjølkeproduksjonen. Sikre god tilgang til veterinærtenester.	Mattilsynet Kommunane

8.2 Kjøttproduksjon på storfe

Kjøttproduksjon på storfe er viktig, både som komplementær produksjon til mjølk og som sjølvstendig driftsgrein basert på ammeku. Færre mjølkekyr gir færre kalvar, og ein stor del av kjøttproduksjonen må derfor kome som spesialisert kjøttproduksjon. Utvikling av spesialisert kjøttproduksjon er viktig for å halde på marknadsandelar og for å halde beitenæringane oppe.

Det har vore betydeleg underdekning av norsk storfekjøtt i marknaden, og det er så absolutt rom for å auke innanlandsk produksjon. Det er generelt eit stort behov for å effektivisere og profesjonalisere produksjonen av storfekjøtt.

Dersom kjøttproduksjonen skal auke meir enn mjølkeproduksjonen, må fleire satse på ammekuproduksjon, og dyra må forast til større slaktevekt. Kjøttproduksjon basert på mykje beiting vil utløyse andre problemstillingar knytt til for eksempel organisering og gjerding.

Det er rimeleg å anta at ein vesentleg del av auken i kjøttproduksjonen må kome i eldre bygningar, og som alternativ produksjon der mjølkeproduksjonen har blitt fasa ut. Potensialet for slik drift er utvilsomt stort, og med god organisering og tilrettelegging kan kjøttproduksjon basert på storfe bli ein vesentleg tilvekst.

Mål: Kjøttproduksjonen på storfe skal auke med minst 20prosent fram mot 2030. Produksjonen skal vere økonomisk og miljømessig berekraftig. Møre og Romsdal skal vere netto importør av kalvar.

Tiltak	Ansvar
Kapitalbehov: Sikre nødvendige midlar til investeringar.	Innovasjon Norge Fylkesmannen Landbruksorganisasjonane
Mobilisering: Etablere prosjekt for større produksjon av storfekjøtt.	Nortura Fylkesmannen
Bygge kompetanse: Individuell rådgiving om ernæring, dyrehelse, fôrdyrking og avl.	Nortura Norsk Landbruksrådgiving
Auke ammekuproduksjonen: Større produksjon basert på ammeku. Etablere prosjekt for å støtte ammekuproduksjon.	Fylkesmannen Nortura

8.3 Svinekjøtt

Møre og Romsdal har ein relativt liten andel av den totale svinekjøttproduksjonen. Talet på produsentar har over lang tid gått ned, men samtidig har produksjonen blitt profesjonalisert og volumet til enkeltprodusentane har blitt større. Purkeringen kom i drift i 2006, og gav næringa eit kraftig løft. Ringen har ført til eit tettare fagmiljø, og har også forenkla og profesjonalisert produksjonen. Nortura har registrert interesse frå fleire om oppstart av slaktegrisproduksjon, og det er indikasjonar på at det kan vere rom i marknaden. Både på kort og litt lengre sikt er det tilgangen på smågris som er flaskehalsen.

Det er starta eit eige prosjekt for å hjelpe fleire til å starte med smågrisproduksjon, og ambisjonane med ein treårs horisont er 5 – 10 nye produsentar. Sannsynlegvis er dette nivået nødvendig for – på sikt – å kompensere for naturleg fråfall i produksjonen.

Forvaltninga, faglag og samvirke bør arbeide aktivt for å sikre større breidde i miljøet og større andel av nasjonal produksjon.

Mål: Svinekjøttproduksjonen skal aukast med 20 prosent innan 2030.

Tiltak	Ansvar
Kapitalbehov: Sikre nødvendige midlar til investeringar.	Innovasjon Norge Fylkesmannen Landbruksorganisasjonane
Prosjekt for auka smågrisproduksjon: Nyrekruttering av smågrisprodusentar for å kompensere for avgang i antal produsentar. Auke produksjonen i takt med auke i marknaden.	Norsvin, Nortura mv
Produksjonsfagleg rådgjeving: Forsterka individuell rådgjeving overfor nye produsentar.	Nortura Mattilsynet Norsk Landbruksrådgiving

8.4 Saueproduksjon

Sauehaldet er karakterisert av mange besetningar, og dei aller fleste som driv med sau er avhengige av andre inntekter i tillegg. Sauehaldet er spreidd over heile fylket, men med Rauma som klart største kommune. Sauen er det viktigaste beitedyret, og den kan gjere seg nytte av ressursar som elles vil ligge ubrukt. Sauen hentar ein vesentleg del av foret frå utmarka, og den gjer ein stor innsats for å halde oppe kulturlandskapet. Sauebøndene har eit aktivt og godt fagmiljø.

Mål: Auke produksjonen av saue- og lammekjøtt med 20 prosent innan 2030.

Tiltak	Ansvar
Kapitalbehov: Sikre nødvendige midlar til investeringar.	Innovasjon Norge
Redusere tapa i sauehaldet: Flytte beitedyr frå område med store tap til område med mindre tap. Vedtak i rovdyrforvaltninga må følgjast opp.	Fylkesmannen Landbruksorganisasjonane Bioforsk
Produksjonsfagleg rådgjeving: Individuell rådgiving om produksjonen. Bygge opp under fagmiljøa.	Nortura Mattilsynet Norsk Landbruksrådgiving Prosjektarbeid

8.5 Geitehald

Møre og Romsdal er eit stort geitefylke – det er berre Troms og Sogn og Fjordane som har større geitenæring. Miljøet er lite, men aktivt. Struktura i geitehaldet endrar seg fort, og det går endå raskare i Møre og Romsdal enn elles i landet. Gjennomsnittsbuskapen har gått opp frå 88 til 128 mjølkegeiter på 10 år, samtidig som brukstalet er halvert. Inntrykket er at det no er optimisme og vilje til å satse. Praktisk talt heile næringa har slutta opp om saneringsprosjektet Friskare geiter, og helsetilstanden i besetningane har blitt langt betre.

Mål: Geitehaldet skal utvikle seg i takt med etterspørsel og salsmulegheiter for geitmjølkbaserte produkt.

Strategi	Tiltak	Ansvar
Kapitalbehov: Sikre nødvendige midlar til investeringar.		Innovasjon Norge Fylkesmannen Landbruksorganisasjonane
Produksjonsfagleg rådgjeving: Individuell rådgiving om produksjonen.		Nortura Mattilsynet NLR Prosjektarbeid
Nettverk og kompetanse: Vidareføre kollegiale og faglege møtestadar. Elektroniske tenester.		NLR Faglaga Møre og Romsdal sau og geit Fylkesmannen
Kjøttproduksjon på kje: Arbeide for større vidareforedling og avsetnad for kjejøtt.		Nortura Møre og Romsdal sau og geit

8.6 Eggproduksjon

Møre og Romsdal har berre 3prosent av totalproduksjonen i Norge. Ambisjonane må vere å oppretthalde miljøa, og at produksjonsvolumet aukar minst like mykje som etterspørselen. Når marknaden gir rom for nyetableringar, bør prosjekt på egg få prioritet for finansiering.

Mål: Auke produksjonen av egg i takt med etterspurnaden.

8.7 Fjørfekjøttproduksjon

Det er venta at etterspørsel og produksjonsvolum på fjørfekjøtt framleis vil gå opp. Det er berre 2 produsentar i Møre og Romsdal. Mangel på fagmiljø og lang transport til slakteri er kanskje dei viktigaste årsakene. Det bør vere mogleg å få fleire produsentar av fjørfekjøtt i Møre og Romsdal .

Mål: Auke produksjonen av fjørfekjøtt i takt med etterspurnaden.

8.8 Pelsdyr

I nokre bygder har pelsdyrhald lange tradisjonar, og det er etablert gode fagmiljø. Produksjonen har svinga over tid, i takt med internasjonale trendar. Pelsdyrhald utgjør lite i totaltala for jordbruket, men lokalt er dette viktige produksjonar. Pelsdyr kan bruke ressursar som elles ikkje har kommersiell verdi, og næringa har periodevis gitt gode inntekter. Næringa har sett i verk tiltak for å betre omdømmet. Pelsdyræringa er avhengig av å eksportere varene, og inntektene blir påverka både av internasjonale trendar, opinionsreaksjonar og handelspolitiske avgrensingar.

Mål: Pelsdyrfarmer skal ha høve til å fornye seg og utvikle produksjonen.

9. Planteproduksjonane

Planteproduksjon for sal eller til eige bruk var tidlegare ein integrert del av drifta på stort sett alle gardsbruk. For tretti år sidan var det eksempelvis 3200 gardsbruk som hadde potet, og det samla arealet var nesten 6000 dekar. No er det att rundt 70 produsentar med totalt 2000 dekar.

Planteproduksjon for sal har blitt dramatisk endra, og småsysteriet er omtrent ute. Produsentane har spesialisert seg, og det er investert store beløp i teknologi og infrastruktur. Det typiske for potet, grønt og frukt/bær er at produksjonen er vertikalt integrert, med avtalar mellom produsent og omsetningsledd.

Planteproduksjon for sal er ein relativt liten del av totalomsetjinga, men lokalt har desse produksjonane stor betydning. Kompetanseintensive spesialproduksjonar er viktige for å løfte miljøet, og har heilt klart potensiale til å gi inspirasjon og nytenking rundt organisering, produksjon og

marknadsføring. Planteprodusentane har typisk eit tettare forhold til FoU miljøa enn landbruket elles.

9.1 Korn

Jordart og klima set grenser for omfanget av korn i Møre og Romsdal, men ambisjonane må vere at korn kan vere med å halde oppe drift og vedlikehald av jord som ikkje blir brukt til grasdyrking. Det er grunn til å tru at kornprodusentar forholdsvis ofte vil få klimabetinga skade.

Vi har få miljø med erfaring frå korndyrking. Større produksjon må eventuelt følgjast av større investeringar på teknisk utstyr og på mottaksapparat. Kornproduksjon er positiv som kultur for vekstskifte, og større kornproduksjon kan bidra til å halde større jordbruksareal i aktiv drift.

Det kan vere rom for auka kornproduksjon i Møre og Romsdal. Tilskottssystemet har hittil ikkje stimulert til auka avlingar.

Mål: Auke kornproduksjonen med 20 prosent innan 2030.

Tiltak	Ansvar
Tørkeanlegg: Investeringar til tørkeanlegg er prioritert område i næringsstrategien.	Fylkesmannen Innovasjon Norge
Forskning og utvikling: Betre kunnskap om sortsval og dyrkingsmetodar. Aktivt arbeid for auke arealproduktiviteten i kornproduksjonen.	Norsk Landbruksrådgiving
Beredskap for korn: Fylket vil som ein del av beredskapstiltaka for folk og husdyrproduksjonen arbeide for ei statleg ordning med beredskapslager for matkorn, fôrkorn og såkorn.	Fylkesmannen

9.2 Poteter og grønsaker, frukt og bær

Bondeeigde lokale foredlingsbedrifter er viktige for å sikre marknadstilgang. Valldal Grønt, Smølagrønt og Sunndalspotet arbeider godt innan kvar sine felt. Det er likevel viktig med utvikling for å vere i forkant innan dette området. Dei må vere blant dei beste om det skal bli god økonomi for produsentane. Det kan vere ein del å hente på å kople foredlingsbedriftene saman for å løfte kvarandre.

Mål: Oppretthalde eller auke den relative andelen av marknaden og sikre konkurransekrafta og dermed rekrutteringa i grøntsektoren.

Tiltak	Ansvar
Kapitalbehov: Sikre nødvendige midlar til investeringar.	Innovasjon Norge Fylkesmannen Landbruksorganisasjonane
Vidareforedling: Lokale foredlingsanlegg i Valldal, Smøla og Sunndal lukkast på kvar sine område. Det bør leggast til rette for samarbeid der	Norsk Landbruksrådgiving

desse miljøa samarbeider om å løfte kvarandre.	
Produksjonsfagleg rådgjeving: Rådgiving innan både produksjonsfag og bedriftsøkonomi. Forsterka individuell rådgiving overfor nye produsentar og produsentar som strevar med å oppnå gode resultat både på avlingsmengde, kvalitet og bedriftsøkonomi.	Norsk Landbruksrådgiving
Nettverksbygging: Vidareføre kollegiale og faglege møtestadar. Elektroniske tenester.	Norsk Landbruksrådgiving Fagлага Fylkesmannen

10. Økologisk jordbruk

Økologisk landbruk er i vekst, men utviklinga går sakte. Mesteparten av vårt økojordbruk er knytt til grovfôrproduksjon og grovfôrbasert husdyrhald. Dei siste sju åra har det økologiske arealet i Møre og Romsdal blitt dobla, men fortsatt utgjør dette godt under fem prosent av totalarealet. Denne utviklinga er stort sett som for Norge totalt. Det er (2011) 17 produsentar som leverer økomjøl i fylket. Det meste av denne produksjonen er i Sykkylven og Ørsta. Den største veksten er på sau, der åtte prosent av produksjonen er økologisk (2011).

Det er fleire grunnar til at det synes vanskeleg å nå politiske målsetjingar om 15 prosent økologisk før 2020, og største utfordringa er openbart marknaden. Produksjonen av økoprodukt ligg rundt fire til fem prosent av totalvolumet, men berre ein liten del av dette når butikkhyllene som økologiske varer. Det synes vanskeleg å heve produksjonsvolumet av økologiske råvarer så lenge marknaden ikkje etterspør produkta. Nokre produksjonar har hatt ein meir positiv utvikling enn andre, og forholda bør ligge godt til rette for å legge om til økologisk både for sau og spesialisert kjøttproduksjon på storfe.

Mål: For sau og ammeku skal minst 10 prosent av produksjonen i Møre og Romsdal vere godkjent som økologisk innan 2020. For andre produksjonar skal minst 5 prosent av arealet og minst 5 prosent av det grovfôrbaserte husdyrhaldet vere økologisk. På lengre sikt – fram mot 2030 – skal lokal produksjon halde tritt med etterspørselen nasjonalt.

Tiltak	Ansvar
Kunnskapsheving: Endre haldningar og skape forståing for økologisk drift. Dokumentere og formidle økonomi og erfaringar med økologisk produksjon.	Fylkesmannen Bioforsk økologisk
Rettleiing: Tilbod om allsidig rådgiving i økologisk produksjon.	Norsk landbruksrådgjeving
Organisere samarbeid og nettverk: Tiltak nedfelt i handlingsplan for økologisk landbruk – årleg revisjon.	Fylkesmannen
Offentleg ansvar: Arbeide for meir økologisk mat i storkjøkken og offentlege kantiner.	Fylkesmannen Bioforsk økologisk

11. Skogbruk

Møre og Romsdal har dei siste 50 åra vore eitt av dei fremste skogreisingsfylka i landet med stort fokus på oppbygging av ressursane. Det er gjennomført treslagsskifte på om lag 20prosent av den produktive skogsmarka, og vi har så vidt begynt å hauste av desse ressursane. Samstundes har fylket lange og gode tradisjonar innan stell og foredling av furuskogane.

Vi ser ei utvikling der dei enkelte hogstane blir større, og at skogeigarane tilpassar seg ein meir periodisk tømmerleveranse. Dette heng nok mykje saman med at dei i liten grad gjennomfører hogsten sjølve. Som elles i landet blir ein stadig større del av hogsten utført av entreprenørar. Dei siste åra har fleire entreprenørar satsa og investert i nytt driftsapparat her i fylket.

Mål: Leggje til rette for auka verdiskaping frå skog og skogbaserte næringar. Skogsektoren skal bidra til å løyse viktige samfunnsoppgåver innafor biomangfald, klima, fornybar energi og når det gjeld å dekke menneska sine behov for opplevingar i skog.

Tiltak	Ansvar
Foredlingsindustri: Starte opp og finansiere eit prosjekt/utgreiing rundt moglegheitene for framtidig etablering av foredlingsindustri av gran i Møre og Romsdal.	Innovasjon Norge Fylkesmannen Fylkeskommunen
Auka bruk av tre: Planleggje, finansiere og starte opp eit 3-årig prosjekt som skal arbeide for auka bruk av tre som bygningsmaterieil og auka innovasjon blant trebaserte verksemdar i Møre og Romsdal.	Fylkesmannen Innovasjon Norge Fylkeskommunen
Vegplanlegging: Etablere teneste for vegplanlegging i samarbeid med næringa.	Fylkesmannen Kommunane Allskog
Redusere beiteskader: Etablere eit prosjekt der det skal samlast tilgjengeleg kunnskap og utgreiast prinsipp rundt ulike metodar som har innverknad på hjortebestanden, og som kan føre til reduserte beiteskader på skog.	Fylkesmannen Fylkeskommunen
Skadedyr: Legge ut prøveflater i ulike delar av fylket for å følgje opp problem knytt opp mot gransnutebille.	Fylkesmannen Kommunane
Produksjonspotensiale og karbonbinding: Gjennomføre analyser på korleis intensiteten i primærproduksjonen og hogsttidspunkt verker inn på langsiktig produksjonspotensiale og karbonbinding på kommune og fylkesnivå.	Fylkesmannen
Tiltak for barn og unge: Gjennomføre årlege skoleskogdagar for å auke kompetansen omkring skog og skognæringa blant barn og unge.	Fylkesmannen Kommunane, Skogselskapet Aktivt skogbruk
Lønsame verdikjeder: Utvikle effektiv logistikk og lønsame verdikjeder knytt til uttak av råstoff til biobrensel frå skog, kulturlandskap og vegkant.	Fylkesmannen Fylkeskommunen Innovasjon Norge
Samarbeid: Planleggje, finansiere og starte opp eit interkommunalt samarbeidsprosjekt som skal bidra til å kartleggje område, kontakte grunneigarar, organisere samarbeid, løyse vegspørsmål og planleggje grendevise utdrifter for komande 10 års periode, der alle omsyn er tatt	Kommunane Fylkesmannen Allskog

med. Prosjektleiar skal være eit mellomledd mellom kommune og Allskog.	
Ørstaskogen: Prosjekt "Ørstaskogen" er starta opp og skal slutførast i 2012.	
Fellesvegprosjekt: Gjennom midlar til kystskogbruket skal Møre og Romsdal være med å finansiere felles vegprosjekt som skal arbeide med kommunevise hovudplanar for skogsbilveggar i alle viktige skogkommunar. Erfaringar frå logistikkprogrammet skal integrerast i arbeidet.	Fylkesmannen Kommunane
Informasjonsarbeid: Møre og Romsdal fylke skal følgje opp og tydeleggjere kommunane si rolle som forvaltningsorgan etter skoglova. I samarbeid med kommunane skal det utarbeidast eit opplegg for informasjon retta mot kommunepolitikarar.	Fylkesmannen Kommunane
Stubbebehandling: Innføre krav om stubbebehandling med urea eventuelt stor barksopp ved alle tynningsdrifter i fylket. Dokumentere effekt av stor barksopp og eventuelt andre preparat som kan bidra til å hindre/avgrense spreiding av rotkjuke ved sluttavvirkning, og ut frå dette vurdere krav om bruk også her.	Skog og landskap Allskog Kommunane Fylkesmannen
Utvikle samarbeid: Utvikle samarbeidet med Allskog BA, slik at dei utfordringane og måla skogbruket i Møre og Romsdal står ovafor vert implementert i Allskog sine strategiar og handlingsmønster.	Fylkesmannen Allskog
Digitale skogbruksplanar: Ta i bruk digitale skogbruksplanar for å køyre analyse på transportkostnader og tømmer tilgang til lokale anlegg for furuforedling, og gjennom det bidra til å sikre avsetning av furutømmer og tilstrekkeleg kvantum til lokal industri.	Fylkesmannen
Innovasjon: Vidareutvikle nettverk i verdikjeda og samstundes bidra til å utvikle næringa ved innovasjon og nyskaping.	Fylkesmannen Innovasjon Norge Allskog Fylkeskommunen
Kartlegging: Kartleggje område som er lite økonomisk drivverdige. Vurdere desse areala som potensielle område for frivillig vern av skog.	Fylkesmannen Allskog Kommunane
Tilgang på arbeidskraft: Kartleggje arbeidskraftsituasjonen med tanke på å sikre kompetent arbeidskraft til å utføre nødvendig skogkulturarbeid. Utarbeide retningslinjer og standard opplegg for bruk av arbeidskraft, der det er nødvendig for å løyse arbeidskraftsituasjonen.	Allskog Kommunane
Auka planting: Gjennomføre tiltak for å auke nyplantinga i fylket. Tiltak for nyplanting må vurderast med omsyn til CO ₂ -binding og klimaverknad.	Fylkeskommune Kommune Allskog

12. Foredlingsindustrien

Strukturutviklinga i landbruksorganisasjonane har vore så sterk at den kan bli ei utfordring for framtidig leveringstryggleik for bøndene i Møre og Romsdal. Plassering av foredlingsanlegg avgjer i stor grad kvar primærproduksjonen blir i framtida. Om avstanden til slakteri og meieri, mottak for egg og korn blir for lang, viser erfaringane frå eige og andre distrikt at fleire produksjonar fell ut. Dette er spesielt viktig for ytterkantane av fylket, slik som øyane. Geitehald er i dag lokalisert i område av landet der det er foredlingsanlegg, slik som meieriet i Ørsta.

Mål: Sikre tidsmessige foredlingsanlegg for mjølk rundt i fylket og oppretthalde kraftfôrfabrikane med kornmottak.

Tiltak	Ansvar
Moderne meieranlegg tilpassa mjølkeproduksjonen: Regionalpolitisk merksemd på rammevilkåra for matforedlingsindustrien som del av verdikjeda i landbruksnæringa.	Fylkeskommunen Tine Vertskommunane
Kraftfôrproduksjon: Oppretthalde kraftfôrfabrikane med kornmottak i Vestnes og Surnadal. Regionalpolitisk merksemd på rammevilkåra for heile verdikjeda i landbruksnæringa.	Felleskjøpet Fylkeskommunen Vestnes og Surnadal kommunar
Sikre mottak av naudslakt i fylket: Arbeide for at eit slakteri og kjøtmottak sentralt i fylket kan ha fleire funksjonar inkludert viltmottak.	Nortura

13. Bygdenæringar

Landbruksnæringa går gjennom store strukturendringar, og over tid vil kvar eining produsere større volum enn før. Det tradisjonelle landbruket har blitt meir spesialisert, og det tradisjonelle mangesysleriet er stort sett borte. Det er all grunn til å forvente at matproduksjonen vil sysselsette færre personar i åra framover. Dette blir til ein viss grad kompensert ved at ein del av dei lokale råstoffa blir foredla, og ved at nokre av gardsbruka tilbyr varer og tenester utover tradisjonell jordbruksproduksjon. Bygdenæringane bidrar til å gi landbruket breidde, og for mange er slike aktivitetar nødvendige for å oppretthalde bruket som bedrift. Det bør særleg stimulerast til nye produksjonar og aktivitetstilbod som skaper meir etterspørsel etter lokale landbruksprodukt og som tek vare på bygningsmiljø og kulturlandskap.

Eksisterande rådgivingstenester innanfor landbruket kan i større grad drive rådgiving innanfor bygdenæringar. Dette krev auka kompetanse og større samhandling med eksisterande kompetansemiljø på ulike fagområde. Dette er særleg aktuelt ved prosjekt som krev spesialkompetanse og må vere eit supplement til hoppid.no-satsinga.

13.1 Foredling og omsetjing av lokal mat

Gjennom verdiskapingsprogrammet for mat, har Landbruks- og matdepartementet i meir enn 10 år hatt trykk på verdiskaping basert på foredling av lokale matråvarer.

Mat basert på lokale tradisjonar er viktige kulturberarar, og er ein naturleg del av det samla reiselivstilbodet. Lokale matspesialitetar skal vere basert på identitet, opphav og lokalt særpreg. Utvikling av nisjeprodukt til høgare prisar enn «standard» vare krev god marknadskontakt, og fokus på heile verdikjeda. Mange lokalmat-produsentar i Møre og Romsdal opplever at etterspørselen er større enn tilbodet. Dette er eit godt utgangspunkt for å ta ut rette prisar i marknaden, og å auke produksjonen. Dette kan skje ved auke i eksisterande verksemder og etablering av nye.

Sidan 2011 har Stranda og Norddal vore med i prosjektet «Mat langs Nasjonale turistveggar». Prosjektet har resultert i auka fokus på lokale spesialitetar og eit godt nettverk mellom produsentar og serveringsbedrifter i regionen. Dette arbeidet skal vidareførast i dei andre kommunane som ligg langs Geiranger – Trollstigen og Atlanterhavsvegen.

Møre og Romsdal har eit stort potensiale i å utvikle samarbeid mellom grøn og blå sektor.

Mål: Auke mangfaldet og volumet av lokale matspesialitetar.

Tiltak	Ansvar
Kapitalbehov: Sikre nødvendige midlar til investeringar.	Innovasjon Norge Fylkesmannen Landbruksorganisasjonane
Bygge kompetanse: Styrke fagkompetanse innan bedriftsleiing og planlegging. Styrke matfagleg kompetanse. Individuell rådgjeving. Betre kompetansetilbod og finansiering i utgreiingsfasen.	Hoppid / kommunalt tiltaksapparat Fylkesmannen Innovasjon Norge Matnavet i Midt-Norge
Omdømebygging: Delta på Internationale Grüne Woche, Matstreif, Den norske matfestivalen, og regionale mat-arrangement.	Fylkesmannen Innovasjon Norge
Mobilisering: Rådgjeving, studieturar, nettverksarbeid mot næringa, og mot aktuelle gründerar.	Fylkesmannen
Marknadsføring og sal: Tilrettelegging av internetbasert portal for omsetjing av matspesialitetar. Gjere lokal mat meir tilgjengeleg.	Matnorge.no
Nettverksbygging og heilkjedetenking: Auka samarbeid mellom produsentar for å få større marknadsmakt	Fylkesmannen Hanen Bondens Marknad

13.2 Inn på tunet

Inn på tunet – IPT – blir brukt som fellesnemning for tilrettelagte tenestetilbod frå landbruket til oppvekst, helse/omsorg, sosial-, arbeids- og velferdssektorane, med kommunal sektor som kjøpar. Stram kommuneøkonomi og «konkurransen» mot etablerte interntenester kan vere utfordrande. IPT har eit betydeleg vekstpotensiale, og ofte vil IPT vere det beste tilbodet til pasientane og den rimelegaste løysinga for kommunen. Ein viktig del av grunnlaget for IPT-tenester er god kvalitetssikring og eit grundig kontroll- og tilsynsregime.

Inn på tunet må inn som tema i utdanning for landbruket, og som valmoglegheit for beslutningstakarar i dei aktuelle sektoretatane. Høgskuletilbod for tilbydarane har gitt miljøet eit betydeleg løft.

Mål: Inn på tunet-tilbod skal fram til 2020 nå eit volum på minst 100 årsverk i Møre og Romsdal.

Tiltak	Ansvar
Skape tillit til næringa: Utvikle og innføre god kvalitetskontroll ved å informere om godkjenningsordninga som sikrar god kvalitet på alle tilboda.	Sektoretatane, kommune Fylkesmannen
Integrasjon i sektorplanar: Inn på tunet må inn som ein naturleg del i større programsatsingar, for eksempel overfor barn og unge, demensomsorg osv. Synleggjering innsparingane i helse-sektoren ved bruk av IPT. Kartlegge den private marknaden for IPT-tenester	Fylkesmannen Sektoretatar på kommunalt og regionalt nivå
Samarbeid: Legge til rette for samarbeid på tvers av kommunegrenser	Fylkesmannen Kommunane
Nettverk for kjøparar: Forsterke arbeidet med å bygge nettverk mellom kjøparar	Fylkesmannen Kommunane Sektoretatar
Nettverk for tilbydarar: Kompetansenettverk mellom tilbydarar med tanke på å auke marknaden. Arbeide for å etablere ein salsorganisasjon for IPT	Fylkesmannen
Kompetansegevande utdanning: Gje høgskuletilbod til tilbydarar	Høgskulesystemet Fylkesmannen

13.3 Energiproduksjon frå landbruket

Bioenergi er energi som kjem frå ulike typar biologisk materiale som til dømes ved, gjødsel og skogsavfall. Landbruket har potensiale til å levere langt større kvanta av slike råvarer enn i dag. I dag er bioenergi frå skog det viktigaste bidraget. Rimelege alternativ i form av elektrisitet og olje er heilt klart begrensande for utvikling av energiproduksjon basert på fornybare ressursar. Dette gjeld bioenergi basert på trevirke, men i endå større grad energiproduksjon frå gjødsel. Framtida for bioenergi vil avhenge av fleire faktorar enn energipris åleine. Det skjer mykje FoU-arbeid rundt bioenergi, men praktisk implementering ligg uansett nokre år inn framtida.

Biogassanlegga bør kombinere gjødsel med andre råvarer (det er nærliggande å tenkje på oppdrettsnæringa). Utviklingstakta vil i stor grad avhenge av politiske føringar og det generelle prisnivået på energi. Ambisjonane til regjeringa er at 30 prosent av husdyrgjødsla før 2020 skal gå gjennom biogassanlegg. Så lenge energiprisane ikkje gir rekningsvarande drift på slike anlegg, må dette forutsette at regjeringa set inn økonomiske stimuli for å fylle ambisjonane.

Møre og Romsdal har eit betydelig potensiale for utbygging av småkraftanlegg, og det er grunn til å forvente at fleire realiserar slike prosjekt framover. Begrensningar i nettet har sett midlertidig stopp for fleire prosjekt.

Mål: Minst 150 GWh av energiomlegginga (oppvarming av bygg) frå elektrisitet til fornybar energi skal komme frå trefiber (totalt 400 GWh).

13.4 Grønt reiseliv og verdiskaping i utmark

Gardsbasert reiseliv kan dekkje svært ulike tiltak, og tilrettelagte aktivitetar kan kombinerast med overnattingstilbod og servering. Potensialet i jakt er langt frå utnytta. Kundane finst både nasjonalt og internasjonalt, og det er ingen grunn til å tru at denne marknaden kan mettest. Tilsvarande gjeld for tilrettelagt fjordfiske, kombinert med overnatting og servering. Etterspørselen etter slike tilbod er stor og aukande.

Verdiskaping i utmarksnæringane er avhengig av i kor stor grad tilboda er foredla, tilrettelagte og profesjoniserte. Her er det framleis behov for bevisstgjerjing av eigne ressursar, marknadskompetanse, samarbeid og organisering.

Satsinga på lokal foredling av mat har naturlege synergjar mot reiselivet. Mat med lokal identitet gir reiselivsprodukta tilleggsverdi, og potensialet i samarbeid mellom lokale produsentar og reiselivsaktørar er på langt nær oppbrukt.

Produksjon og hausting av viltressursane kan gje verdiskaping i mange bygder. Det er framleis eit unyttet potensiale i sal av jaktrettar og foredling av viltkjøtt.

Mål: Verdiskaping frå og i utmarka skal aukast

Tiltak	Ansvar
Tettare samarbeid mellom landbruk og reiseliv: Bygge nettverk og skape møteplassar mellom dei to næringane. Felles kompetansetiltak og erfaringsutveksling frå vellukka prosjekt. Prioritere tilskot til samarbeidsprosjekt.	Fylkesmannen Fylkeskommunen Møre og Romsdal reiseliv Norwegian center of expertise(NCE Fjord Norge)
Betre organisering: Betre organisering av grunneigarane for å ta ut større verdiar av jakt- og fiskeressursane.	Landbruksorganisasjonane
Ta vare på kulturarven: Bruke kulturmiljø og kulturminne meir aktivt for å skape større verdiskaping for grunneigarane.	Fylkeskommunen Fylkesmannen

Definisjon av omgrep i meldinga:

- Berekraftig utvikling=utvikling som er økologisk, økonomisk og sosial berekraftig
- Landbruk= hagebruk, jordbruk og skogbruk
- Næringsinntekt= den delen av inntekta som kjem frå ei definert næring
- NILF sin definisjon av verdiskaping er lik nettoprodukt og det er kome fram på denne måten:
 - Sum inntekter, jordbruket
 - + Familiens arbeid på nyanlegg
 - - Sum kostnader, jordbruket
 - + Kostnader til leigd hjelp
 - + Kostnader til jordleige
 - = «Bruttoprodukt» (tilskott inkludert)
 - - Sum avskrivningar, jordbruket
 - = «Nettoprodukt» (tilskott inkludert)

Forkortingar:

NILF – Norsk Institutt for Landbruksøkonomisk Forsking

Skog og Landskap – Norsk institutt for skog og landskap

NLR – Norsk Landbruksrådgiving

LMD – Landbruks- og matdepartementet

FMLA – Fylkesmannens landbruksavdeling

SLF – Statens landbruksforvaltning

Kjelder:

Ssb.no: Tal frå jordbruksteljingane

Strategiplan for skogbruket i Møre og Romsdal. Revidert og vedteke av fylkestinget 2012

Ole Rogstad og Trond Amund Steinset: Landbruket i Norge 2009, Jordbruk – Skogbruk – Jakt. SSB 2010

Statens Landbruksforvaltning: Statistikk frå søknad om produksjonstilskott

Siv Karin Paulsen Rye: Verdiskapingsanalysar for jord- og hagebruk i Møre og Romsdal. Førebelse tal. NILF 2012

Brit Logstein og Arild Blekesaune: Trender i norsk landbruk 2012 – Møre og Romsdal. Norsk senter for bygdeforskning 2012

Meld. St. 9 2011-2012: Landbruks- og matpolitikken. LMD 2011

St. meld. nr 39 Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen. LMD 2009

Regional energi- og klimaplan. Møre og Romsdal fylkeskommune 2009

Jordvernstrategi for Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2012

KOSTRA: Kommune-stat-rapportering

Handlingsplan for økologisk landbruk 2012-2015. Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2012

Resultatkontrollen for gjennomføring av landbrukspolitikken. Budsjettnemnda for jordbruket 2011

Toppleder i grønn kjeledress. Dybdeintervju med 12 kvinner om landbruket i Møre og Romsdal.
Rapport frå Bioforsk 2012

u